HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Komite for oppvekst |
| **Møtestad:** | Formannskapssalen Herøy rådhus |
| **Dato:** | 27.01.2016 |
| **Tid:** | 14:30 |

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 20.01.2016

Birgitte Sævik Pedersen
Leiar

**SAKLISTE:**

| Saksnr | Innhold |
|---|---|
| PS 1/16 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 2/16 | Protokoll frå førre møte |
| PS 3/16 | Referatsaker |
| PS 4/16 | Vedtekter for kommunale barnehagar. Forslag om endringar. |
| PS 5/16 | Orientering om tilsyn etter barnehagelova i private barnehagar |
| PS 6/16 | Tertialrapportering pr 01.01.2016. |
| | **Referatsaker** |
| RS 1/16 | Orientering - reglement for komite for oppvekst |
| RS 2/16 | Presentasjon -  strategi for skuleutvikling - særutskrift K-sak 8/15 |
| RS 3/16 | Komiteens rolle i byggeprosjekt generelt - orientering v/eigedomsavdelinga |
| RS 4/16 | Status og vidare framdrift for prosjekt 61521 - Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering - eigedomsavdelinga |
| RS 5/16 | Endringar i barnehagelova - barn med særlege behov - Høyringsuttale frå Herøy kommune |

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Protokoll frå førre møte

PS 3/16 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | LKS | Arkivsaknr: | 2012/1859 |
| | | Arkiv: | B40 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 4/16 | Komite for oppvekst | 27.01.2016 |
| | Kommunestyret | 28.01.2016 |

**VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR. FORSLAG OM ENDRINGAR.**

**Tilråding:**

Kommunestyret godkjenner vedtekter for kommunale barnehagar med dei endringar som rådmannen foreslår: (alle endringar har «nytt punkt» eller «rådmannen foreslår å stryke punktet» skrive føre endringsteksta) Endringsforslaga finn ein i §§ 6 f, 7 a, d, 8 a, b, d,10 b, e , 11d, 14, 15, 16 og 17

Særutskrift: Dei kommunale barnehagane

**Saksopplysningar:**
Vedtektene for kommunale barnehagar vart sist endra i 2012. Den gongen var endringane for å vere i samsvar med gjeldande lovverk og kommunal organisering. Det er no behov for nokre endringar for å vere i samsvar med Lov om barnehagar og kommunale vedtak (eks opningstid) og gjeldande praksis som ikkje har blitt vedtektsfesta tidlegare. For at vedtektene skal vere i samsvar med Lov om barnehagar og kommunale vedtak, må det ny tekst til i høve forskrift om foreldrebetaling, utestenging, prosedyrer for opptak (ankeplassar eller ikkje), registrering i enhetsregisteret, bemanning, teieplikt, opplysningsplikt, tilsyn. Alt dette har vore praktisert, men ikkje kome klart fram av vedtektene. Foreldre tek imot plass i barnehage på dei vilkår som vedtektene seier noko om, og det er viktig at foreldre får opplysningar for kva reglar kommunen har. Når ein har ei sak om endring, tek ein og med ei presisering på punkt som har vore uklåre. (10b og e )

**Vedtekter med endringsforslag:**

**§1 RETNINGSLINER**

**a)** Herøy kommune tek sikte på at:
Barnehagane skal drivast etter dei retningsliner som er vedtekne i kommunestyret og dei krav som gjeld i lovverket.

**b)** Drifta må vere i samsvar med dei avgjerder og retningsliner som går fram av Barnehagelova og føresegnene til denne (rammeplanen), og med den fastsette årsplan for drifta.

**§2 FORMÅL**

**a)** Barnehagane skal gi barna eit godt miljø med vekt på leik og samvær med andre barn og vaksne, og slik fremme læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Ein skal legge vekt på å utvikle det einskilde barnet sin personlegdom, hjelpe barnet med å utvikle evne til toleranse og til å ha omsorg for andre, og gi høve til utfalding gjennom leik og aktivitet.

**b)** Saman med heimen skal dei tilsette hjelpe til med å gi barna eit miljø som sikrar dei individuell og gruppevis omsorg og støtte, stimulering, utfalding, læring og etisk rettleiing som fremmar demokrati og likestilling. Barna skal ha rett til medverknad tilpassa deira alder og føresetnader.

**§3 EIGARTILHØVE OG FORVALTNING**

**a)** Herøy kommune eig og driv barnehagane. Komite for oppvekst har forvaltnings- og tilsynsansvar

**b)** Administrasjonen ligg til barnehageavdelinga v/barnehageleiar

**c)** Styrar har det pedagogiske og administrative ansvaret for alle barna som er i barnehagen i opningstida.

**d)** Styrar utarbeider nødvendige kommentarar til vedtektene som vert handsama av Samarbeidsutvalet og lagt fram for Komite for oppvekst.

**e)** Vedtektene og kommentarar skal gjerast kjende for føresette.

**f)** Barnehagane skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd i samsvar med §§ 4 og 5 i Lov 2005-06-17 med føresegner. I barnehagar med fleire avdelingar, er det to representantar frå foreldra, to representantar frå dei tilsette og to representantar frå eigar. I ein avdelings barnehagane er det ein representant frå foreldra, dei tilsette og frå eigar. Styrar vert enten velt inn som representant for dei tilsette eller møter som sekretær for utvalet med møte- og talerett.

## §4 DELEGERING AV MYNDE

**a)** Opptak av barn i barnehagen vert delegert til rådmannen
**b)** Kommunal klagenemnd er ankeinstans
**c)** Komite for oppvekst gis mynde til godkjenning av:
- barnehagane
- kommentar til vedtektene

## §5 OPPTAK

**a)** Søknad om opptak skal skje på fastsett elektronisk skjema, vedlagt nødvendig dokumentasjon. Hovudopptaket med plasstildeling frå august vert gjort i løpet av mars månad etter kunngjering i pressa. Eventuell klagebehandling skal vere ferdig i løpet av mai månad.

**b)** Barn som har fått plass i barnehage beheld denne til dei byrjar på skule. Dersom ikkje anna tilråding ligg føre, får dei med delt plass 1. prioritet til heil plass ved ledig kapasitet.

**c)** Etter særskilt vurdering og tilråding frå sakkunnig, kan barn gå 1. skuleår i barnehage.

**d)** Opptaket er bindande frå den dagen ein takkar ja til plassen og til ein seier opp plassen. Oppseiing må vere skriftleg med minimum ein månads oppseiingstid. Oppseiingstida byrjar alltid den 1. i månaden etter oppseiingsdato. Det er ikkje høve til å seie opp plassen i tida 1. april til 1. august (siste frist for å sei opp plassen blir difor 1. mars). Dersom eit barn skal slutte etter 1. april, må barnehageavgift betalast ut barnehageåret sjølv om barnet ikkje nyttar tilbodet.
Juli månad er betalingsfri.

**e)** Kommunen kan legge ned / endre drifta av ein barnehage med tre månaders varsel.

## §6 KRITERIE FOR OPPTAK

Dersom det er fleire søkjarar enn plassar ved barnehagane, skal følgjande moment takast med i vurderinga

**a)** Barn busett i Herøy kommune vert prioritert til å få barnehageplass framfor barn som er busett i andre kommune.

**b)** Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal ligge føre sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.
Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og tredje ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det er innført rett til barnehageplass for alle som søkjer innan fristen for hovudopptaket og fyller eitt år innan 31. august det året. Barn med rett til plass skal prioriterast framføre barn utan rett til plass. Barn med funksjonshemming og barn det er fatta vedtak etter Lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og tredje ledd skal prioriterast sjølv om dei ikkje har rett til plass etter fødselsdatokriteriet.

**c)**

- Særlege ting ved barnet si utvikling
- Sjukdom i heimen
- Vanskelege familietilhøve
- Barn av nøkkelpersonale i barnehagen
- Einsleg forsytar i arbeid eller under utdanning
- Begge føresette i arbeid
- Dårleg eller farleg leikemiljø
- Lang avstand til leikekamerater / lite nettverk
- Sysken til barn som allereie har plass i barnehagen komande barnehageår

**d)** Det må takast omsyn til alder, kjøn og mengda av dokumenterte problem i barnegruppa, slik at ein kan oppnå ei gruppesamansetjing som gir høve til individuell utvikling og gjensidig stimulering for barna i gruppa. Ei slik vurdering kan bety å ha tilstrekkeleg mange barn i same aldersgruppe/kjøn.

**e)** Når det ikkje er grunnlag for prioritering etter barnehagelova eller opptakskriteria for kommunale barnehagar, og søkjarar elles står likt, vert det gjort loddtrekning.

**f)** Ved hovudopptaket vert til saman tre plassar ved barnehagane halde ope til klagefristen er ute.
**Pkt f.:**
**Rådmannen foreslår å stryke pkt f.** Søkjarar blir svært frustrerte over å motta ein ankeplass. Uvissa dei må leve i fram til brev om endeleg plass er unødvendig så lenge barnehagedekninga er såpass god i Herøy. Det har ikkje vore klage på barnehageopptaket dei siste åra, og det er svært lenge sidan nokon klage har fått medhald. Skulle ei klage bli tatt til fylgje, held vi lova ved å sette den som klagar øvst på ventelista. Ordninga med ankeplassar er difor unødvendig.

**g)** Ved ledig plass gjennom året, skal styrar vurdere ut frå opptakskriteria kven barn på ventelista som skal få tilbod om plass.

## §7 OPNINGSTID

**a)** Opphaldstid i barnehagane er innanfor tidsrommet 07.30-16.30, eller etter avtale med personalet 07.00-16.45. Denne forskyvinga kan berre gjerast om bemanninga er tilfredsstillande resten av dagen. Styrar avgjer dette.
**Nytt punkt a)** Opphaldstid i barnehagane er innanfor tidsromet 06.45-17.00.

**b)** Eventuell forskyving eller utviding av opningstid utover dette vert vedtatt av Komite for oppvekst etter framlegg frå den einskilde barnehage. Dersom forskyving/utviding av opningstid fører til store økonomiske meirutgifter, skal saka handsamast av kommunestyret.

**c)** Barnehagane er opne måndag - fredag kvar veke. Dei er stengde laurdag og søndag, og på helge- og høgtidsdagar. Barnehagane er og stengde;

- frå og med onsdag i påskeveka, og til og med 2. påskedag
- frå og med julaftan til og med 1. nyårsdag
- fem planleggingsdagar per år

**d)** Barna skal i løpet av driftsåret ha fire veker ferie, av desse minst tre veker samanhengande . Foreldrebetaling vert berekna for elleve månader.
**Nytt pkt d)** Barna skal i løpet av driftsåret ha fire veker ferie, av desse minst tre veker samanhengande i løpet av sommarmånadane.

**e)**

Ein avdelings barnehagane vert stengde i fire veker for ferieavvikling. Dersom større barnehagar skal halde opent i ferien, må det minst vere 5 barn som har behov for å vere i barnehagen kvar dag. Barnehagane kan samarbeide om å halde opent dersom ein vurderer det som ei tilfredsstillande løysing for barna det gjeld. Ein avdelings barnehagane kan og vurdere om dei vil vere med på ei slik ordning. Styrarane avgjer om ei slik løysing er tilfredsstillande.

## §8 FORELDREBETALING

**a)** Betalingssatsane er dei som kommunestyret til ei kvar tid fastset. Det vert i samsvar med forskrift om foreldrebetaling gitt 30% syskjenmoderasjon for andre barn, og 50% syskjenmoderasjon for øvrige barn i same familie (som bur i lag).
**Nytt pkt a)** Betalingssatsane skal vere i samsvar med sentralt bestemt maksimalpris samt kommunestyret si fastsetting av deltidsbetaling. Det vert i samsvar med forskrift om foreldrebetaling gitt 30% syskjenmoderasjon for andre barn og 50% syskjenmoderasjon for øvrige barn i same familie som bur i lag. Familiar med lav inntekt kan søke kommunen om redusert foreldrebetaling.

**b)** Det vert krevd full betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom/

andre årsaker. Dispensasjon kan gjevast etter søknad i kvart einskilt tilfelle.
**Nytt tillegg til pkt b):**Det vert ikkje gjeve fråtrekk for dei dagane barnehagen er stengd.

**c)** Det vert rekna som overtid når opphaldstida for ein dag overstig opningstida. Det vert krevd overtidsbetaling når barna vert henta etter stengetid.

**d)** Innbetalingskort vert sendt dei føresette før barnet tek til i barnehagen. Barnehageavgifta skal betalast på forskot.
Betalingsfrist den 15. i kvar månad. Manglande betaling fører til utestenging. Skuldig barnehageavgift må vere betalt før barnet/familien igjen kan få tildelt ein barnehageplass.
**Nytt pkt d)** Faktura vert sendt dei føresette før barnet tek til i barnehagen. Barnehageavgifta skal betalast på forskot. Betalingsfrist er den 16.i kvar månad. Manglande betaling fører til utestenging.
Resten av punktet vert stroke, då det er lovstridig. (barnet har rett til plass ved neste opptak)

## §9 AREALUTNYTTING

Arealutnyttinga vert sett til:

| | |
|---|---|
| a) Heildagstilbod for barn over tre år: | 4 m2 |
| b) Heildagstilbod for barn under tre år: | 5,33m2 |

## §10 HELSE OG HYGENISKE TILHØVE

**a)** Helsetilsyn og kontroll av hygieniske tilhøve ved verksemdene vert utført etter initiativ frå helseavdelinga.

**b)** Barn som er sjuke må ikkje møte opp. Med sjuke barn meiner ein barn Som har feber, omgangssjuke, utslett eller andre smittsame sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan vere ute eller må ha ro. Dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen, må barnet heller ikkje møte. Ved fråver skal heimen melde frå til styrar eller pedagogisk leiar snarast råd.
**Nytt tillegg til pkt b)** Barnehagane fylgjer helsedirektoratet si vegleiande norm for handtering av sjukdom.

**c)** Styrar melder frå til helsestasjon, helseavdeling, barnevern dersom det er grunn til bekymring for barnet/barna si utvikling.

**d)** Når det gjeld barn med funksjonshemming eller som står i fare for å utvikle funksjonshemming, skal styrar i samråd med føresette ta initiativ til nødvendig kontakt med helsestasjon eller den pedagogisk psykologiske rådgivingstenesta, eventuelt andre sakkunnige instansar.

**e)** Leiar fører kartotek for kvart einskilt barn der viktige data om barnet er registrert.
Det vert ført protokoll over fråver.

**Nytt pkt e)** Barnehagen har mappe for kvart einskild barn der leiar registrerer viktige data om barnet.
Det vert ført protokoll over fråver.

## §11 ANSVAR

**a)** Barnehagane har ansvar for barnet i den tildelte opphaldstida.

**b)** Herøy kommune teiknar kollektiv ulykkesforsikring for barna.

**c)** Kvar barnehage skal utarbeide eit internkontrollsystem. Barnehagen skal til ei kvar tid kunne dokumentere kva internkontrollsystem den har.

**d)** **Nytt punkt:** Den einskilde kommunale barnehage er registrert i einheitsregisteret.

## §12 MAT – KLEDE

**a)** Barna får ete under tilsyn i ordna måltid. Lunsjmåltidet vert laga til i barnehagen.

**b)** Utgifter barnehagen har til frukt, mjølk og mat til dei ordinære måltida kjem i tillegg til barnehagekontigenten, og vert fakturert saman med denne.

**c)** Barna må vere reine og ha reine klede tilpassa ver og årstid. Dei må ha klede til inne- og utebruk. Eitt ekstra klesskift må ligge i barnehagen.

**d)** Barnehagen tek ikkje ansvar for kle / eigedelar som ikkje er merka.

## §13 ÅRSPLANAR

Ved kvar barnehage skal det utarbeidast årsplan for drifta. Samarbeidsutvalet ved barnehagen skal med utgangspunkt i nasjonal og lokal rammeplan fastsette ein årsplan for det pedagogiske innhaldet. Årsplanen vert sendt ut til alle foreldra og til barnehageleiar. Den vert og lagt ut på Herøy kommune si heimeside www.heroy.kommune.no

## §14 BEMANNING

**Nytt punkt:**
Rettleiande norm for bemanning i barnehagen:
Det skal vere minst ein pedagogisk leiar per 14-18 barn når barna er over 3 år. Dersom barna er under 3 år skal det vere minst ein pedagogisk leiar per 7-9 barn. Ved utvida barnegrupper vil pedagogisk bemanning bli auka for å sikre ei samla pedagogisk bemanning i samsvar med lovverket.

Rettleiande norm for totalbemanning er eitt årsverk per 6 barn over tre år og 3 barn under 3 år.

Dei som skal arbeide i barnehage, må legge fram godkjend politiattest.

**§ 15 TEIEPLIKT**
**Nytt punkt:**
For all barnehageverksemd gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§13 til §13f. Alle tilsette skal skrive under erklæring om teieplikt før dei tek til i jobben.

**§16 Opplysningsplikt**
**Nytt punkt:**
Barnehagepersonalet skal gi sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorsgtenesta bistand i klientsaker, jfr.§ 21 i Lov om barnehagar.
§22 i Lov om barnehagar understrekar at heile personalet har meldeplikt over for barnevernstenesta i samband med mistanke om barnemishandling og alvorleg omsorgssvikt.

**§17 TILSYN**
**Nytt punkt:**
Kommunen sitt barnehagetilbod, godkjenningsansvar og tilsynsansvar er fastsett i §§ 8,10 og 16 i Lov om barnehagar.
Kommunen skal føre tilsyn med både kommunale og private barnehagar.
Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve i den enkelte barnehage. Dersom fristen for å etterkome pålegget ikkje vert halden, eller om tilhøva ikkje let seg rette opp, kan kommunen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda. Eit slikt vedtak skal sendast fylkesmannen til orientering.
Vedtak om retting og stenging kan påklagast til fylkesmannen.

**§14 ENDRING AV VEDTEKTENE**

Kommunestyret godkjenner vedtektene for dei kommunale barnehagane etter framlegg frå komite for oppvekst.

**Vurdering og konklusjon:**
Vedtekter for kommunale barnehagar med endringar er i samsvar med Lov om barnehagar og gjeldande praksis i barnehagane.

Fosnavåg, 04.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad | Laila Kvalsund Solhaug
Rådmann | Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug

HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | LKS | Arkivsaknr: | 2012/257 |
| | | Arkiv: | A11 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 5/16 | Komite for oppvekst | 27.01.2016 |
| | Kommunestyret | 28.01.2016 |

## ORIENTERING OM TILSYN ETTER BARNEHAGELOVA I PRIVATE BARNEHAGAR

**Tilråding:**

Orientering om tilsyn i private barnehagar vert teken til vitande.

Særutskrift: Huldal barnehage, Sirlihaugen barnehage, Gnist barnehager Myklebust, Troll-myra barnehage, Troll-lia barnehage

**Uprenta vedlegg:**
1.Sjekkliste
2. Plan for tilsyn
3. Tilsynsrapport Huldal barnehage
4. Tilsynsrapport Sirlihaugen barnehage
5. Tilsynsrapport Troll-myra barnehage
6. Tilsynsrapport Grønmyr barnehage Myklebust
7. Tilsynsrapport Troll-lia barnehage

**Saksopplysningar:**
Lov om barnehagar pålegg kommunen å føre tilsyn med både private og kommunale barnehagar, d.v.s kommunen har plikt og rett til innsyn i all barnehageverksemd. Kommunen brukar plan for tilsyn/skjema for tilsynsbesøk som vart godkjend i F-sak 332/2007 samt sjekkliste/intervjuskjema som er utarbeidd i barnehagenettverket i Sjustjerna.

Det er delegert til barnehageleiar å utøve tilsyn i både kommunale og private barnehagar. For å sikre mest muleg objektivitet ved tilsynet samarbeider kommunene i barnehagenettverket Sjustjerna om gjennomføring av tilsyn. På denne måten er det alltid to med barnehagefagleg kompetanse som er til stades på tilsynet.
Det vart hausten 2014 og våren 2015 gjennomført tilsynsbesøk i dei private barnehagane Huldal barnehage, Sirlihaugen barnehage, Gnist barnehager Myklebust, Troll-myra barnehage og Troll-lia barnehage.
Barnehagane fekk varsel om tilsynsbesøk med foreslått tidspunkt i god tid, samt skjema som peikar på tema ein ville ta opp og drøfte. I varslingsbrevet vart det peika på at ein gjerne ville møte både styrar, pedagogisk leiar, assistent og representant frå foreldra. I tillegg vart det varsla om at kommunen ville nytte intervjumetode med ein person i gongen. Dette for å få eit betre grunnlag for å vurdere om det er samsvar mellom planar og faktiske handlingar.
I tillegg til intervju på varsla lovparagrafer vart fylgjande hovudpunkt tatt opp med styrar under tilsynsbesøket:
Barnehagen sitt internkontrollsystem, samarbeidsutvalet sin funksjon, bemanning, opplysning om barnegruppene, barnehagen sitt innhald, årsplan og rammeplan.

Varsla tema som vart tatt opp ved intervjumetoda var:

1. § 1 i Lov om barnehagar,»Formål»
2. § 4 i Lov om barnehagar, «Foreldreråd og samarbeidsutvalg»
3. § 17 i Lov om barnehagar, «Styrer»
4. § 18 i Lov om barnehagar, «Barnehagens øvrige personale»

**Avvik**
(avvik dreier seg om at krav som er gjeve i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte)

Ingen av barnehagane fekk avvik på varsla lovparagrafar.

**Merknad**
(merknad er forhold som ikkje er i strid med krav i lova, men der tilsynsorganet finn grunn til å påpeike ting som bør endrast på)

**Huldal barnehage**:
Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

**Andre forhold:**

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:
   Årsplan
   Huldal barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og informasjonsdokument 2013-2017
   Visjonen til barnehagen er: Det skal vere stort å vere liten i Huldal barnehage med slagordet «Raushet og glede – vaksne tilstede!»
   Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Planane er gode og har med alle område som er forventa frå tilsynsmyndigheita. Barnehagen gjer og eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet. Det var godt samsvar mellom planar og det som vart sagt i intervjua.
3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov
4. Internkontroll: Vi viser til forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges».
   Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.
   Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen to gongar i året. I tillegg har barnehagen til no hatt ekstern kontroll av leikeapparata ca. annakvart år.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
   Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

§1 «Formål» – alle som vart intervjua viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjua viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval, og at dette fungerte slik som det skal etter intensjonen i lova.

§17 «Styrer» Huldal barnehage har 100% styrarstilling der 60% er avsett til administrasjon. Resten av stillinga, 40% er knytt til pedagogisk leiarfunksjon på avdeling. Styrar har godkjent utdanning.

§18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped. leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Grunnbemanning er 6 barn over 3 år og 3 barn under tre år pr årsverk.

Huldal barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Huldal barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjua stadfeste. Han var svært godt nøgd med barnehagen. Han peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Det beste med barnehagen var godt kvalifisert personale og at det var ein liten

barnehage som det var lett å ha oversikt/bli kjent i. Dette gjer at foreldre føler seg trygge på at barna har det godt i barnehagen. Barna viser trivsel og glede i barnehagekvardagen.

**Sirlihaugen barnehage:**
Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.
Barnehagen fekk to merknader ein forventar barnehagen tek tak i med ein gong og ved neste årsplan.

**Merknad/ Andre forhold:**

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:
   Årsplan
   Sirlihaugen barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og verksemdsplan for 2012 - 2016
   Visjonen til barnehagen er: « Sirlihaugen barnehage, ein trygg , god start».
   Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Barnehagen gjer eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet.
   **Merknad1:** «Tilsynet oppmodar om at barnehagen i årsplanen seier noko om korleis ein arbeider med likestilling og forebygging av mobbing i barnehagen»
3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov
4. Internkontroll:
   **Merknad 2:** Tilsynet fann på synfaringa i barnehagen vaskemiddel som ikkje var oppbevart på tilfredsstillande trygg måte. Dette skal oppbevarast innelåst. Vi viser til forskrift om «miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges». Barnehagen har gode rutiner på dette området, men desse må skjerpast umiddelbart.
   <u>Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.</u>
   Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen to gongar i året. I tillegg har barnehagen ekstern kontroll av leikeapparata annakvart år.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
   Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

§1 «Formål» – alle som vart intervjua viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.
§4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjua viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.
§17 «Styrer» Sirlihaugen barnehage har 100% styrarstilling der heile stillinga er administrativ. Styrar har godkjent utdanning.

§18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped. leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Sirlihaugen har ein pedagog med godkjent utdanning i tillegg. Totalt har dei 4 årsverk pedagogiske leiarar og 1 årsverk pedagog. Grunnbemanning viser ca 5,3 barn over 3 år per årsverk tilsett personale.

Sirlihaugen barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Sirlihaugen barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjua stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Ho opplevde god stabilitet og kompetanse blant dei tilsette, noko som førte til at foreldre følte seg særs trygge på å ha barna i denne barnehagen. Barna viste trivsel og glede i barnehagekvardagen.

**Gnist barnehager Myklebust**
Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.
Barnehagen fekk to merknader ein forventar barnehagen tek tak i med ein gong og ved neste årsplan.

**Merknad/ Andre forhold:**

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:
   Årsplan
   Gnist barnehager Myklebust arbeider etter årsplan 2014/15.
   Visjonen til barnehagen er: « Med respekt for barn, føresette og tilsette utviklar vi landets beste barnehagar». Verdiane til barnehagen er: « Kompetent, engasjert, effektiv, nytenkende». Barnehagen sender ut månadsplan til foreldra. Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan, og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Barnehagen gjer eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet.
   **Merknad 1:** Tilsynet oppmodar om at barnehagen i årsplanen seier litt meir om korleis ein arbeider med likestilling i barnehagen. Personalet viste at dei i praksis har bevisstheit om å ha fokus på likestilling, men har ikkje synleggjort dette i årsplanen.

3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov

4. Internkontroll:
   **Merknad 2:** Tilsynet fann på synfaringa i barnehagen at nøkkelen sto i medisinskapet på eitt av bada. Barnehagen har rutiner for at dette ikkje skal skje, og må skjerpe rutinene. Tilsynet observerte og eit velbrukt stellebord med store hol i trekket. Vi viser til forskrift om «miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges». Barnehagen ville fjerne stellebordet omgåande.
   <u>Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.</u>
   Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen kvart kvartal. I tillegg har barnehagen ekstern årleg kontroll av leikeapparata. Barnehagen har planar om oppgradering av uteleikeplassen i løpet av inneverande barnehageår. Dette er i skrivande stund utført.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
   Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

§1 «Formål» – alle som vart intervjua viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjua viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.

§17 «Styrer» Gnist barnehager Myklebust har styrar i 100% stilling der heile stillinga er administrativ. Styrar har godkjent utdanning.

§18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er i samsvar med rettleiande norm, dvs 1 pedagogisk leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Totalt blir det 8 årsverk pedagogiske leiarar. På grunn av permisjonar, er 1,6 årsverk på dispensasjon frå kravet om barnehagelærarutdanning. Grunnbemanning viser ca 7 barn per tilsett.

Gnist barnehager Myklebust er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Gnist barnehager Myklebust er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjua stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Ho opplevde gjensidige tilittsforhold. Ho merka glød og engasjement blant personalet, og dette merka ho og når ho møtte dei utanom barnehagetida.

**Troll-myra barnehage:**

Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

**Andre forhold:**

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:
   Årsplan
   Troll-myra barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og langtidsplan 2013-2016
   Visjonen til barnehagen er: Hjerte <3 for barna
   Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Planane er gode og har med alle område som er forventa frå tilsynsmyndigheita. Barnehagen gjer og eit godt arbeid med å evaluere det pedagogiske innhaldet. Det var godt samsvar mellom planar og det som vart sagt i intervjua.
3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov
4. Internkontroll: Vi viser til forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges».
   <u>Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.</u>
   Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen saman med vaktmester og verneombod

annan kvar månad. I tillegg har barnehagen til no hatt ekstern kontroll av leikeapparata ca. annakvart år.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
   Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

§1 «Formål» – alle som vart intervjua viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjua viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.

§17 «Styrer» Troll-myra barnehage har 100 % styrarstilling som er delt likt mellom Troll-myra og Troll-lia barnehage (50% på kvar) I tillegg har eigarane assisterande styrarfunksjon i kvar si 100% stilling.
Styrar har godkjent utdanning. Eigarane/styrarassistentane har ikkje godkjent utdanning. Dette er ei ordning som vart «særgodkjend» ved oppstart av Troll-myra barnehage i 2006.
Ordninga er evaluert av barnehagane og dei rapporterer at den fungerer godt.

§18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i faste stillingar har godkjent utdanning. Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped. leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Per d.d er det to pedagogiske leiarar som er ute i fødselspermisjon. Om ein ikkje får kvalifiserte søkjarar, må barnehagen søkje om dispensasjon frå utdanningskravet.
Grunnbemanning er 6 barn over 3 år og 3 barn under tre år pr årsverk.

Ved tilsynet 09.04.2015 vart det ikkje avdekka avvik eller merknad i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på.
Troll-myra barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Troll-myra barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjua stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Dette gjorde at foreldre følte seg trygge på å ha barna i barnehagen. Barna viste trivsel og glede i barnehagekvardagen. Ho var særs godt nøgd med at barna fekk oppleve mykje turar og uteliv.

**Troll-lia barnehage**
Barnehagen fekk ingen avvik eller merknad med krav om tilbakemelding.

**Andre forhold:**

1. Barnehagen sitt samarbeidsutval er i samsvar med krav i lov.
2. Innhaldet i barnehagen:
   Årsplan
   Troll-lia barnehage arbeider etter årsplan 2014/15 og langtidsplan 2013-2016
   Visjonen til barnehagen er: Hjerte <3 for barna
   Innhaldet i årsplanen er i samsvar med krav til årsplan og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Planane er gode og har med alle område som er forventa frå tilsynsmyndigheita. Barnehagen gjer og eit godt arbeid med å evaluere det

pedagogiske innhaldet. Det var godt samsvar mellom planar og det som vart sagt i intervjua.

3. Vedtekter: I samsvar med krav sett i lov
4. Internkontroll: Vi viser til forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole mv. §14, Internkontroll: «Sikkerhet og helsemessig beredskap. Virksomheter skal planlegges og drives slik at skader og ulykker forebygges».
   <u>Rutiner for dagleg tilsyn for uteområdet er etablert.</u>
   Tilsynet er dagleg og vert dokumentert. Barnehagen gjennomfører eit meir grundig ettersyn av utleikeplassen ca to gongar per år. I tillegg har barnehagen hatt ekstern kontroll av leikeapparata ca. annakvart år. Det er nettopp utført slik ekstern kontroll. Barnehagen har gode rutiner for lukking av avvik.

5. Leike- og opphaldsareal per barn: Ingen merknad
   Opplysning om barnegruppe/turnusplan: Ingen merknad

§1 «Formål» – alle som vart intervjua viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§4 «Foreldreråd og samarbeidsutval» - alle som vart intervjua viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.

§17 «Styrer» Troll-lia barnehage har 100 % styrarstilling som er delt likt mellom Troll-myra og Troll-lia barnehage (50% på kvar) I tillegg har eigarane assisterande styrarfunksjon i kvar si 100% stilling.
Styrar har godkjent utdanning. Eigarane/styrarassistentane har ikkje godkjent utdanning. Dette er ei ordning som vart «særgodkjend» ved oppstart av Troll-myra barnehage i 2006.
Ordninga er evaluert av barnehagane og dei rapporterer at den fungerer godt.

§18 «Barnehagens øvrige personale»
Barnehagen har to pedagogar som har dispensasjon frå utdanningskravet. Desse held på med førskulelærarutdanning. I tillegg har ein av dei fast tilsette pedagogane gått ut i fødselspermisjon. Resten av pedagogane har godkjent utdanning.
Pedagognormen er over rettleiande norm, dvs 1 ped.
leiar pr 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år.

Grunnbemanning er 6 barn over 3 år og 3 barn under tre år pr årsverk.

Ved tilsynet 03.06.2015 vart det ikkje avdekka avvik eller merknad i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på.
Troll-lia barnehage er ein barnehage som er drive godt i samsvar med dei paragrafane tilsynet varsla tilsyn på. Årsplanen til Troll-lia barnehage er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i årsplanen og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjua stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte. Ho var særs godt nøgd med at barnehagen hadde så variert og kupert uteområde.

**Oppsummering/Vurdering og konklusjon:**
Drifta i private barnehagar er i samsvar med lovverket, og kommunen overheld slik sitt ansvar i høve barnehagelova § 8 og 16 når det gjeld at kommunen skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane vert drive i samsvar med gjeldande lovverk. Kommunen som tilsynsmynde tek sikte på å gjennomføre eit varsla tilsynsbesøk ca. anna kvart år eller tredje kvart år i både kommunale og private barnehagar. Innimellom kan kommunen og velje dokumenttilsyn i stadenfor å møte opp i barnehagen.

Konsekvensar for folkehelse: Gode barnehagar er bra for folkehelsa

Konsekvensar for beredskap: Positivt for beredskap at barnehagen har gode rutiner

Konsekvensar for drift: Ingen

Fosnavåg, 10.11.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug

Volda Ørsta Ulstein Hareid Herøy Sande Vanylven

# 4 a).
# Skjema til bruk i arbeidet med kommunen sitt tilsyn av ikkje-kommunale barnehagar.

TILSYN I ........................................................BARNEHAGE
EIGAR.............................................................................
STYRAR...........................................................................
Tlf:.................................Mail.................................................

Skjema kan nyttast ved tilsynet og brukast som grunnlag for tilsynsrapport.
Barnehagen fyller ut på førehand så mykje som råd, og returnerer til kommunen ei veke før tilsyn.
Skjema vert gjennomgått i barnehagen saman med styrar og som felles oppsummering etter tilsyn.

Tidspunkt for tilsynsbesøk: ...............................................................................
Besøket var varsla i brev dagsett: .......................................................................

**Til stades frå barnehagen**:
Styrar: .................................................................................................................
Pedagogisk leiar/førskulelærar(tillitsvald):.........................................................
Fagarbeidar/assistent(tillitsvald):.......................................................................
Foreldrerepresentant...........................................................................................
Eigar sin representant:.........................................................................................

**Til stades frå eigen kommune**:.......................................................................
Til stades frå anna kommune..............................................................................

# 1. BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL

| Opplysningar etter Lov om barnehagar § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval |
|---|

**Har barnehagen samarbeidsutval?** Ja / Nei

Gi opplysningar om barnehagen sitt samarbeidsutval, med leiar som første namn:

| | Namn | Representerer: (eigar/personale/foreldre) |
|---|---|---|
| Leiar: | | |
| Medlemmar: | | |
| | | |
| | | |

## A. Samarbeid med foreldre/føresette

Kva for saker vert tekne opp i samarbeidsutvalet?

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

Kva for saker vert tekne opp i foreldrerådet?

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

Korleis er samarbeidet mellom foreldre og barnehage lagt til rette? Kva for ordningar/rutinar har barnehagen?

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

Har barnehagen system for avviksmeldingar ved skriftlege klager frå foreldra? Ja / Nei

Korleis vert uformelle (ikkje skriftlege) klager frå foreldre handsama? (småting i kvardagen)

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

# 1. BARNEHAGEN SITT INNHALD

Tema sjåast i samband med § 2 i Lov om barnehagar, barnehagen sitt innhald, om barn sin rett til medverknad §4, samt rammeplanen og barnehagen sin årsplan.

## A. Årsplan og utviklingsarbeid

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Er barnehagen sin årsplan sendt tilsynsmynde? | | |
| Er årsplan fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval? | | |
| Har foreldra teke del i/medverka i utviklinga av årsplan? | | |
| Har foreldra fått utdelt årsplanen? | | |
| Er barnehagen sine satsingsområde og profil tydelege? | | |
| Er det nedfelt planar for overgang barnehage- skule i årsplan? | | |
| Arbeider barnehagen med særskilde prosjekt? | | |

Dersom ja – kva for prosjekt?

*Årsplan for barnehagen må vere tilgjengeleg ved tilsynet.*

Rammeplanen gir retningsliner for barnehagen sitt innhald og oppgåver. **Noter ein kommentar** om innhaldet i årsplanen sett i lys av rammeplanen, for eksempel plan for evaluering, utfordringar i årsplanarbeidet, særskilte tilhøve rundt prosessen, andre ting..

## B. Samarbeid med andre instansar

Har barnehagen kontakt og samarbeid med andre instansar? Ja / Nei
Dersom ja – kva for?

## C. Brukarundersøking og vurderingsarbeid

Vert det gjennomført brukarundersøking? Ja / Nei
Dersom ja – korleis vert den utført, kor ofte, og kva for resultat er komne fram ?

## D. Medverknad

Korleis vert borna sin rett til medverknad teken i vare? Har de konkretisert i årsplan korleis de vil arbeid med å leggje til rette for barn sin rett til medverknad?

## E. Vurdering av eiga verksemd

Vurderer barnehagen si verksemd? Ja / Nei
Korleis?

## 2. VEDTEKTER

Sjå til at barnehagen har vedtekter og at desse inneheld avgjerder i samsvar med Lov om barnehagar § 7
Oversikt over barnehagen si organisering og drift.
Sjå til at kommunen har oppdaterte vedtekter for barnehagen.

Gjeldande vedtekter må sendast tilsynet eller synast fram ved tilsynet.

- Inneheld vedtektene alle punkta i barnehagelova § 7.? Ja / Nei
- Kva tid vart vedtektene endra sist? : ..........................................................
- Er vedtektene send kommunen? Ja / Nei
- Er barnehagen registrert i einingsregisteret? ( m.organisasjonsnnr) Ja / Nei
( gjeldande pr. 04.07.03. etter endringar i barnehagelova)

Det vil eventuelt bli teke ein gjennomgong av om vedtektene er i samsvar med lova sine krav.
Tilsynsmynde sin kommentar:

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

..........................................................................................................................................

## 3. INTERNKONTROLL

Dokumentasjon for internkontrollsystem må visast fram ved tilsynsbesøket.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Viser vedtektene til eller vert denne dokumentasjonen synt til i vedtektene? | | |
| Er det etablert rutinar for vedlikehald og sikring av bygningar og inventar? | | |
| Er det etablert rutinar for brannberedskap? | | |
| Er tidlegare pålegg etterfølgt? | | |
| Har barnehagen oversikt og dokumentasjon over farlege produkt og innpakking av desse? | | |
| Har barnehagen utarbeida og lett tilgjengeleg tryggleiksinstruks? | | |
| Har barnehagen utarbeida plan og rutinar for sorg og ulukke/sjukdom? | | |
| Har barnehagen faste rutinar for kontroll av leikeutstyr og leikeplass? | | |
| Har barnehagen dagleg tilsyn av uteområdet? | | |
| Er det daglege tilsynet dokumentert og har rutinar for avvik? | | |
| Er barnehagen sitt fysiske miljø inne og ute til rettelagt for barn med nedsett funksjonsevne? | | |

# 4. LEIKE OG OPPHALDSAREAL PR BARN

Opplysningane her sjåast i samanheng med det tal på barn som har plass i barnehagen

| | m2 |
|---|---|
| Eigar si vedtektsfesta norm for arealutnytting inne pr barn over og under 3 år. | Over 3 år - Under 3 år |
| Barnehagen sitt godkjende leike- og opphaldsareal inne | |
| Barnehagen sitt uteareal (norm ca. 6 ganger innearealet) | |
| Er det endringar i bruk av arealet sidan godkjenning / forrige tilsynsbesøk? | Ja Nei |

I tilfelle kva for endringar?

..................................................................................................................................

..................................................................................................................................

..................................................................................................................................

..................................................................................................................................

# 5. OPPLYSNINGAR OM BARNA

Opplysningane hentast inn med heimel i Lov om barnehagar § 8 og sjåast i samanheng med barnehagen si årsmelding/søknad om statstilskot.

| Kor mange barn<br>u. 3 år – o. 3 år | | Kor mange 1/1 plassar<br>u. 3 år – o. 3 år | | Kor mange tilsette er knytt til avdelingane samla - tal på årsverk | | Andre tilsette<br>Kor mange årsverk<br>Vaktm-reinh-andre | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | |

Bed om turnusplan. Tal på barn pr avdeling pr dag. Barn over 3 år og under 3 år. (barnehagen viser fram liste med barna sine namn, alder og opphaldstid ved tilsynet, eller sender liste til kommunen i forkant av tilsyn).

Eventuell kommentar til tabellen over:

..................................................................................................................................

..................................................................................................................................

..................................................................................................................................

**Opplysningane vert samanfatta her: ( barnehagen fyller ut) Gjeld barnehageåret..................**

| Opphaldstid | 0 – 3 år | 3 – 6 år | Tilsynsmakta si omrekning til tal på standard barnehageplassar |
|---|---|---|---|
| 17 – 24 t | | | |
| 25 – 32 t | | | |
| 33 – 40 t | | | |
| 41 t eller meir | | | |

Ein heil plass for barn over 3 år er ein standard barnehageplass

## 6. PRIORITET VED OPPTAK ELLER VEDTAK OM RESSURS ETTER OPPTAK

| | Tal | Ressurs |
|---|---|---|
| Tal på born med nedsett funksjonsevne som er tatt opp etter § 13 | | |
| Tal på born med nedsett funksjonsevne der diagnose er sett etter at dei har fått barnehageplass | | |
| Tal på barn med rett til tiltak etter Opplæringslova § 5.7. | | |
| Tal på fleirkulturelle/fleirspråklege born ? | | |
| Tal på fleirkulturelle/fleirspråklege born med morsmålsressurs? | | |

(kontrollert opp mot visma – smart klient)

# 7. BARNEHAGEN SI BEMANNING

Opplysningane knytast til Lov om barnehagar § 17-24
Opplysningane sjåast i samanheng med barnehagen sin sist innsende årsmelding.

Spørsmål: ( set ring rundt ja eller nei – set inn tal i ruta )

| Har barnehagen dagleg leiar/styrar med førskulelærarutdanning eller anna høgskuleutdanning som gjev barnefagleg og pedagogisk kompetanse? | Ja | Nei | Tal årsverk | Tal pers |
|---|---|---|---|---|
| Har barnehagen førskulelærar eller tilsette med anna treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk i alle stillingane for pedagogisk leiar? | Ja | Nei | | |
| Er det eventuelt tilsett personar med dispensasjon frå utdanningskravet i nokre av dei nemnde stillingar? | Ja | Nei | | |
| Har de søkt og fått dispensasjon for alle tilsette som ikkje har godkjend utdanning i stilling som førskulelærar/pedagogisk leiar. | Ja | Nei | | |
| Er det fleire førskulelærarar i barnehagen? | Ja | Nei | | |
| Kva er grunnbemanninga i barnehagen? Kor mange stillingar har de utanom styrar og pedagogiske leiarar? | | | | |
| Har barnehagen ekstra bemanning grunna barn med nedsett funksjonsevne? | Ja | Nei | | |
| Kva for vikarordning har barnehagen? Nyttar de vikarar og korleis? Kva for reglar gjeld for vikarbruk? | Ja | Nei | | |
| Har barnehagen øvingslærarar? | Ja | Nei | | |

**Opplysningar om barnehagen sitt personale: (Eller på eige ark)**

| Namn | Stilling | Utdanning | Stillingsstorleik |
|---|---|---|---|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

# 8. POLITIATTEST

Opplysningane knytast til Lov om barnehagar § 19.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Har alle med arbeidsavtale etter 01.01.1996 levert politiattest? | | |
| Har andre som vert omfatta av politiattestforskrifta levert polititattest? | | |
| Har barnehagen system og rutinar samt dokumentasjon for levering av politiattest? | | |

Dokumentasjon kan bli etterspurt.

# 9. TEIEPLIKT

Opplysningane kan knytast til lov om barnehagar § 20.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Har alle arbeidstakarar, også vikarar skrive under skjema for teieplikt? | | |
| Har barnehagen rutinar for å ivareta og følgje opp teieplikta? | | |
| Er barnehagen trygg på at alle tilsette har ei samla etisk forståing av kva teieplikta inneber? | | |

Dokumentasjon kan bli etterspurt.

# 10. MELDEPLIKT – OPPLYSNINGSPLIKT til sosialtenesta og barnevern

Opplysningane kan knytast til lov om barnehagar §§ 21 og 22.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Har barnehagen rutiner når det oppstår mistanke om omsorgssvikt eller mishandling av barn? | | |

Dokumentasjon kan bli etterspurt

## 11. ØVINGSOPPLÆRING

Opplysningane kan knytast til lov om barnehagar § 24.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Har barnehagen øvingslærarar og studentar frå høgskule? | | |
| Har barnehagen lærlingar frå vidaregåande skule? | | |
| Har barnehagen anna form for opplæring av elevar/studentar? | | |

## 12. HELSEKONTROLL

Opplysningane kan knytast til lov om barnehagar § 23.

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Har alle barn levert helseerklæring og fulgt ordinær helsekontroll på helsestasjonen? | | |
| Har barn som må, levert TBC attest | | |

Barnehagen viser til rutiner ved tilsynet.

## 14 PERSONALLEIING

Opplysningane kan knytast til lov om barnehagar § 19

| | Ja | Nei |
|---|---|---|
| Vert det gjennomført medarbeidarsamtalar/ oppfølgingssamtalar i barnehagar? | | |
| Vert det gjennomført rettleiing/har de rutinar for rettleiing? | | |
| Har barnehagen eigen kompetanseplan? | | |
| Er det sett i gang tiltak for å betre arbeidsmiljøet? | | |

Korleis vert medbestemming for personalet gjennomført?:

.............................................................................................................................................................

............................................................................

Kor stort sjukefråvær hadde barnehagen sist kalenderår?: ................................. %

## 15 STYRAR SIN EIGENVURDERING AV BARNEHAGEN

Dersom styrar eller eigar ynskjer, kan ned setjast ned nokre stikkord til drøfting, som kan utdjupast nærare under tilsyn.

| |
|---|
| Er barnehagen brukarvenleg: born/alder/opphaldstid |
| Har de gode vikarordningar : |
| Barnehagen sitt fysiske miljø: |
| Uteområdet, brukarvenleg: |
| Internkontrollrutinar: |
| Ventelister/dekningsgrad: |
| Opplysningsplikt til barnevernet – rutinar - §22: |
| Økonomi, framtid og tryggleik: |
| Andre kommentarar til barnehagen sine rammevilkår: |

## 16 OPPSUMMERING ETTER TILSYNSBESØK

| Oppsummering skjer i samsvar med Lov om barnehagar §16, tilsyn |
|---|

Tilsynsmakta avdekka i besøket tilhøve:

- der det vil bli gitt pålegg om retting av ulovlege forhold(Avvik): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar etter tilsynsbesøket:

.............................................................................................................................................

.............................................................................................................................................

.............................................................................................................................................

- der det vil bli gitt pålegg om retting av uforsvarlege tilhøve(Merknad): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar etter tilsynsbesøket:

.............................................................................................................................................

.............................................................................................................................................

.............................................................................................................................................

Barnehageeigar:
Barnehageeigar sine forventningar til tilsynsmakta, område ved drifta av barnehagen som det ynskjast rettleiing på eller teke opp i eksisterande samarbeidsfora:

.............................................................................................................................................

.............................................................................................................................................

.............................................................................................................................................

Stad/dato:................................

............................................ ........................................................

Tilsynsmakta si underskrift Barnehagerepresentanten si underskrift

For .......................................................................... barnehage

..........................................................................................................

Dato/ Underskrift:

## PLAN FOR TILSYN AV BARNEHAGAR I HERØY KOMMUNE

### Kommunen som tilsynsmynde

Kommunestyret har det øverste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga og bestemmer kva for organ i kommunen tilsynet skal leggast til, jvf. kommunelova §§10, 12 og 23. Kommunestyret kan med heimel i kommunelova §§ 10, 12, og 23 nr. 4 ved delegering ta avgjerd om kven som skal vere tilsynsmynde i kommunen.

### Hensikt med kommunen sitt tilsyn:

Brukarane skal gjennom kommunen sitt tilsyn vere sikra at fylgjande er ivaretatt:

- Tilsyn skal vere eit verkty for å sikre barn gode oppvekstkår
- Barnehagen vert drive i samsvar med lover, føresegner og kommunale vedtak
- Eigar av barnehagen er medviten sitt ansvar for at verksemda i eigen barnehage er i samsvar med lov om barnehagar med føresegner

### Lovgrunnlaget for tilsyn

Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) § 16 bestemmer at kommunen skal føre det lokale tilsynet med verksemder (kommunale og private) etter denne lov. Lova § 8, femte ledd sikrar tilsynsmyndet rett til innsyn.

Tilsynet skal primært utførast for å kontrollere at barnehagen drivast i samsvar med

- Lov om barnehagar, eventuelt avdekke ulovlege eller uforsvarlege forhold, og stille krav om forbetring.
- Rammeplan for barnehagar, å sjå til at barnehagen sitt faglege innhald er i samsvar med denne
- Føresegn om sikkerheit på leikeplassen (19. juli 1996)
- Føresegn om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.m. (01.12.95)
- Lov om brannvern
- Lov om produktkontroll

Tilsynsmyndet kan iverksette pålegg dersom det vert avdekt uforsvarlege eller ulovlege forhold i barnehagen. Om nødvendig kan tilsynet stenge verksemda, innanfor ei bestemt tid eller varig. Barnehagen sin eigar kan påklage vedtaket til Fylkesmannen.

Rådmannen har fått delegert ansvaret for tilsyn. Tilsyn etter lov om barnehagar gjennomførast i praksis av barnehageleiar. (hadde vore ynskjeleg at helsesyster også deltok ved tilsynet) Det vert då også ført tilsyn med at eigar har fått godkjenning etter lovverk som ulike faginstansar har ansvaret for. Tilsynet krev tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, samt gode rutiner mellom kommunale avdelingar/faginstansar.

### Gjennomføring av tilsyn

- Tilsynet kan vere varsla eller ikkje varsla
- Omfanget av tilsynet kan variere. Til vanleg skal alle barnehagar ha minst eitt tilsyn anna kvart år, men spesielle tilfelle eller oppfylgjingssaker kan tilsei at det blir oftare
- Ulike tema kan i perioder få auka fokus, eks. ulike satsingsområde.

**Herøy kommune har slik plan for tilsyn**

1. Varsla tilsyn

| ANSVAR | TRINN | AKTIVITET |
|---|---|---|
| Tilsynsansvarleg | 1 | Sender ut varsel om tilsyn til barnehagen minst tre veker før gjennomføring av tilsynet.<br>Fylgjande sendast ut som vedlegg:<br>- Plan for tilsyn av barnehagane i Herøy<br>- Skjema / sjekkliste for tilsyn av barnehagar<br><br>Kommunen som tilsynsmynde tek sikte på å gjennomføre tilsyn i alle kommunale barnehagar eitt år og i alle private barnehagar året etter.(o.s.b.)<br>Kommunen vil frå hausten 2008 starte å bruke intervjumetode ved tilsynet. |
| Styrar/Eigar | 2 | Skjema fyllast ut og returnerast til tilsynsansvarleg seinast ei veke før gjennomføring av tilsynet |
| Styrar | 3 | Gjere avtale med dei som skal vere med på tilsynet frå:<br>- eigar<br>- foreldra<br>- personalet |
| Tilsynsansvarleg | 4 | Går gjennom skjemaet, legger til opplysningar/vurderingar som kom fram i under tilsynsbesøket, samt eventuelle pålegg/avvik. Skjemaet blir sendt barnehagen som ein rapport frå tilsynsbesøket. Representant frå barnehagen skriv under og returnerer ein kopi til tilsynsansvarleg. Oppfølgingbesøk til barnehagen der resultatet blir presentert/event over tlf.. |
| Tilsynsansvarleg | 5 | Legg fram sak om resultatet av tilsynsbesøka til formannskapet/kommunestyret. Vedtak om eventuell stenging som resultat av ulovlege forhold som ein ikkje kan gjere noko med vert gjort av kommunestyret. Eit slikt vedtak kan påklagast til Fylkesmannen. |
| | | |

2. Tilsyn som ikkje er varsla
   Kan utførast når barnehagemynde av ulike årsaker finn det nødvendig.

# 1. Interkommunal plan for tilsyn av barnehagar etter barnehagelova § 16

**Innleiing:**
Kommunane Volda, Ørsta, Ulstein, Hareid, Herøy, Sande og Vanylven – barnehagenettverket Sjustjerna er einige om å nytte ein felles plan for å gjennomføre interkommunal tilsynsordning i barnehagane jfr § 16 i Lov om barnehagar 2005-06-17-64.

| Sist endra: | 2010-08-01 |
|---|---|

**Kommunen som tilsynsmynde:**
Kommunen har det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga og bestemmer kva for organ i kommunen tilsynet skal leggjast til, jmf. Kommunelova §§ 10,12, og 23. Kommunestyret kan med heimel i kommunelova §§ 10,12 og 23 nr.4 ved delegering ta avgjerd om kven som skal vere tilsynsmynde i kommunen.
Kommunestyret i ………………..har delegert mynde til Rådmann, som igjen har delegert mynde til oppvekstsjef / barnehagesjef /……………………………

**Hensikt med kommunen sitt tilsyn:**
Brukarane skal gjennom kommunen sitt tilsyn vere sikra at fylgjande er ivaretatt:
- barnehagen vert drive i samsvar med lover, føresegner og kommunale vedtak
- eigar av barnehagen er medviten sitt ansvar for at verksemda i eigen barnehage vert driven i samsvar med lov om barnehagar med føresegner.

**Lovgrunnlaget for tilsyn:**
Lov 17.juni 2005 nr.64 om barnehagar (barnehagelova) §16 bestemmer at kommunen skal føre det lokale tilsynet med verksemder (kommunale og private) etter denne lov.
Lova § 8, femte ledd sikrar tilsynsmynde rett til innsyn.

Tilsynet skal primært utførast for å kontrollere at barnehagen drivast i samsvar med
- Lov om barnehagar, eventuelt avdekke ulovlege eller uforsvarlege tilhøve, og stille krav om forbetring
- Rammeplan for barnehagar, å sjå til at barnehagen sitt faglege innhald er i samsvar med denne
- Føresegn om tryggleik på leikeplassen (19.juli 1996)
- Føresegn om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.m.(01.12.95)
- Lov om brannvern
- Lov om produktkontroll

Tilsynsmyndet kan sette i verk pålegg dersom det vert avdekka uforsvarlege eller ulovlege tilhøve i barnehagen. Om naudsynt kan tilsynet stenge verksemda, innafor ei bestemt tid eller varig. Barnehagen sin eigar kan klage inn vedtaket til Fylkesmannen.

Rådmannen har fått delegert ansvaret for tilsyn. Tilsyn etter lov om barnehagar gjennomførast i praksis av barnehagefagleg på kommunenivå. Det vert også ført tilsyn med at eigar har fått godkjenning etter lovverk som ulike faginstansar har ansvaret for. Tilsynet krev tverrfagleg og tverfagleg samarbeid, samt gode rutinar mellom kommunale avdelingar/ faginstansar.

**Gjennomføring av tilsyn**

- Tilsyn (normalt tilsyn i barnehagen med synfaring og intervju som er varsla)
- Dokumenttilsyn (bygger på rapport frå barnehagen i hovudsak årsplan)
- Ikkje varsla tilsyn (tilsyn på staden knytt til enkelthending)

- Omfanget av tilsynet kan variere. Alle barnehagar skal i hovudsak ha tilsyn etter vedteken plan.

- Ulike tema kan i periodar få auka fokus, eks, ulike satsingsområde.

- Ein treng minimum to personar for å gjennomføre tilsyn.

# 1.A. Plan for tilsyn

1. Gjeld ved varsla tilsyn.
2. Tilsyn som ikkje vert varsla kan utførast når barnehagemynde av ulike årsaker finn det naudsynt.

| TRINN | ANSVAR | AKTIVITET |
|---|---|---|
| 1 | Tilsynsmynde | Sender ut varsel om tilsyn til barnehagen minst tre veker før gjennomføring av tilsynet.<br>Fylgjande sendast ut som vedlegg:<br>- Plan for tilsyn av barnehagane i kommunen<br>- Skjema for tilsyn av barnehagar<br><br>Kommunen som tilsynsmynde tek sikte på å utføre tilsyn etter vedteken plan. |
| 2 | Styrar/eigar | Skjema fyllast ut og returnerast til tilsynsansvarleg seinast ei veke før gjennomføring av tilsynet. |
| 3 | Styrar | Gjere avtale med dei som skal vere med på tilsynet frå:<br>- eigar<br>- foreldre<br>- personalet |
| 4 | Styrar | Lagar ei oversikt over tid for kvart intervju i høve til |

| | | |
|---|---|---|
| | | informasjon i varselbrevet. Oversikta sendast tilsynsmynde i forkant av tilsynet. |
| 5 | Tilsynsmynde | Går gjennom skjemaet, legg til opplysningar/vurderingar som kom fram under tilsynsbesøket, samt eventuelle pålegg. Førebur og gjennomfører tilsyn<br><br>Rapport frå tilsynet blir sendt barnehagen/eigar. Dersom det kjem fram avvik som skal rettast, er styrar/eigar ansvarleg for dette. |
| 6 | Styrar/eigar | Retting av avvik rapporterast til tilsynsmynde når det er utført. |
| 7 | Tilsynsmynde – årleg eller anna kvart år. | Legg fram orienteringssak til kommunestyret, om resultatet frå tilsynsbesøka.. Vedtak om eventuell stenging som resultat av ulovlege tilhøve som ein ikkje kan gjere noko med, vert gjort av kommunestyret. Eit slikt vedtak klagast inn til Fylkesmannen. |

# 1.B. Plan for dokumenttilsyn

1. Tilsynet bygger på rapportering frå barnehagen ved innsending av dokument
2. Tilsynet er varsla

| TRINN | ANSVAR | AKTIVITET |
|---|---|---|
| 1 | Tilsynsmynde | Sender ut brev om kva for dokument vi vil føre tilsyn med.<br>Eksempel på dokumentinnsyn: årsplan, tryggleiksinstruks, internkontroll, rutinar for informasjon til nytilsette, mm |
| 2 | Styrar/eigar | Sender dei dokument som det er spurt etter tilbake til kommunen/tilsynsmynde.<br>Frist for innsending av dokument 3 veker. |
| 3 | Tilsynsmynde i samarbeid med anna kommune | Går gjennom innsende dokument, t.d.årsplan..<br><br>Rapport frå tilsynet blir sendt barnehagen/eigar. Dersom det kjem fram avvik som skal rettast, er styrar/eigar ansvarleg for dette. |
| 4 | Styrar/eigar | Retting av avvik rapporterast til tilsynsmynde når det er utført. |
| 5 | Tilsynsmynde | Legg fram orienteringssak til politisk nivå, om resultatet frå dokumenttilsyn. |

# 1.C. Plan for ikkje varsla tilsyn

| TRINN | ANSVAR | AKTIVITET |
|---|---|---|
| 1 | Tilsynsmynde saman med andre aktuelle fagpersonar i kommunen | Tar kontakt med eller besøker staden, basert på hendig eller melding ang tilhøve som bør undersøkjast nærmare. |
| 2 | Styrar/eigar | Stiller seg disponibel for tilsynet og gjev naudsynt informasjon ang hendinga og anna som tilsynet spør etter. |
| 3 | Styrar | Legg til rette for naudsynt omvising og samtale som tilsynet ynskjer/ber om. |
| 4 | Tilsynsmynde | Rapport med evt avvik med kopi til aktuell etat/fagansvarleg. |
| 5 | Styrar/eigar | Retting av avvik rapporterast til tilsynsmynde når det er utført. |
| 6 | Tilsynsmynde | Fyl opp saka med nytt besøk etter at det er meldt inn retting av avvik. |

Ved evt mangel på retting av avvik etter avtale mellom styrar og tilsynsmynde, vil tilsynsmynde vurdere naudsynt tiltak

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

# SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | OJK | Arkivsaknr: | 2016/45 |
| | | Arkiv: | 210 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Formannskapet | 02.02.2016 |
| | Komite for Helse og omsorg | 11.02.2016 |
| 6/16 | Komite for oppvekst | 27.01.2016 |
| | Komite for næring, kultur og idrett | 09.02.2015 |
| 5/16 | Maritim og teknisk komite | 26.01.2016 |
| | Kommunestyret | 18.02.2016 |

**TERTIALRAPPORTERING PR 01.01.2016.**

**Tilråding:**

Kommunestyret har ikkje merknader til tertialrapporten slik han ligg føre.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

**Vedlegg:**

- Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe

**Saksopplysningar:**

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.01.2016.

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

> *"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane.

Fosnavåg, 11.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

# PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

a) Gjennomføring av lønsforhandlingar og mekling
I tilknyting og i førekant av sjølve forhandlingane vart det halde lønspolitiske drøftingsmøter mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane som var part i forhandlingane.
Sjølve lønsforhandlingar for kapittel 5 (ingeniørar, legar, rådgjevarar og leiarar m.m.) og kapittel 3.4 (topp- og mellomleiarar) vart det gjennomført veke 40 (28. september – 1. oktober 15). Lønsforhandlingar for kapittel 4 vart gjennomført sentralt.
Det kom til brot i høve tre arbeidstakarorganisasjonar; NITO, Skuleleiarforbundet og Utdanningsforbundet. Det vart halde mekling hjå Ålesund tingrett den 6. november, kor partane kom til semje.

b) Arbeidsavklaringsutval
I Kontaktmøte den 23. mars 2015 presenterte Personal- og organisasjonsleiar arbeidsgjevar sitt ynskja å etablere eit Arbeidsavklaringsutval (AAU).
AAU skal handsame saker som ein av ulike grunnar ikkje har og/eller ikkje maktar å løyse innanfor den einskilde avdeling, og/eller der arbeidsgjevar har prøvd ulike tiltak over tid utan å funne ei løysing i saka. Desse tilfella er mellom anna kjenneteikna med at maksdato for rett til sjukepengar nådd, forsøkt omplasseringar internt i avdelinga, sett i verk ulike former for utprøving og/eller tilrettelegging og langvarig sjukepermisjonar. Målet er at Herøy kommunen skal få ei heilskapleg og god tilnærming til sakene, der prinsippet om lik handsaming av sakene ligg i botnen. AAU skal kome med ei endeleg tilråding i sakene.
Saka med mandat og rutinar vart gjennom året drøfta i både IA- og Kontaktutvalet. Ynskje om etablering av AAU vart òg teke inn i den overordna HMS-planen for Herøy kommune. HMS-planen vart godkjend på AMU-møte den 20. april 2015.
Ordlyden og innhald i «Mandat og retningsliner for Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) hjå Herøy kommune» vart endeleg godkjend på Kontaktmøte den 26.10.15.
AMU godkjende AAU den 30. november 2015, sjå AMU-sak 18/15.

c) Revidering av og vedtak om verneområde
Arbeidsgjevar og hovudverneombod (HVO) hadde over lang tid sett behovet for å endre inndelinga av verneområda i Herøy kommune. Siste endring vart gjort i AMU i 2013. Då auka ein talet på verneområde frå 22 til 23, ein såg allereie då at ei ytterlegare utviding var nært føreståande.
Inndelinga av verneområde var ikkje slik at det enkelte verneombod føler at dei har full oversikt over sitt område og tilsette dei skal vere verneombod for.

(Kvalitetslosen). Det kan stadfestast at det låg føre oppdaterte rutinar/sjekklister. Det er sendt ut påminning om bruken og rutinane/sjekklistene er sendt på leseliste til rådmannen si leiargruppe i Compilo.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

a) Oppretting av partsamansett arbeidsgruppe – tidsregistreringssystem
Organisasjonen (leiarar, stab og brukarar) erfarer at dagens tidsregistreringsystem er lite føremålstenleg og brukarvenleg. Rådmannen gav personal- og organisasjonsleiar i oppdrag å leie arbeidsgruppe som skal utforme førespurnad og kravs spesifikasjon, og innhente tilbod frå andre tidsregistreringstilbydarar. Arbeidsgruppa har utarbeide dokumentasjon, som vil verte sendt ut i løpet av januar 2016.

b) Oppretting av partsamansett arbeidsgruppe – krav om stilling etter Arbeidsmiljølova
Som fylgje av endringar Arbeidsmiljølova om krav om stilling og auka stilling erfarer organisasjonen at det ikkje ligg føre gode nok rutinar for handtering av krav, ansvar og saksgang. Rådmannen gav personal- og organisasjonsleiar i oppdrag å leie arbeidsgruppe som skal gjere greie for og utforme føremålstenelege rutinar. Etter møte i gruppa har personal- og organisasjonsleiar byrja på ei rutine som gruppa skal drøfte vidare.

c) Oppretting av arbeidsgruppe på leiarnivå – tryggleiks-/personvernansvarleg
IKT-leiar har i kraft av si stilling også vore tryggleiksansvarleg. Dette er ein uheldig rollekombinasjon, då ein kan sjå føres seg «bukken og havresekken-dilemma». Arbeidsgruppa har drøfta kva kvalifikasjonar og oppgåver som ligg til rolla, og har kome med ei tilråding til rådmannen.

d) Utarbeiding av program for leiaropplæring
Opplæringa er i all hovudsak knyt opp til HMS, løn og andre personalfagleg område.

e) Kvalitetsarbeid
Personal- og organisasjonsavdelinga arbeider kontinuerleg med kvalitetsarbeid, slik ajourhald og oppdatering i høve lov, regelverk og avtaler. Herøy kommune nyttar Compilo (Kvalitetslosen) som verkty i saband med kvalitetsarbeid og oppfylging.

Tabellen viser sjukefråvær for 3. tertial høvesvis i 2014 og 2015.

Tabell 2

| Tertialvisefråvær i % Herøy kommune 3. tertial 2014 og 3. tertial 2015 L= Langtidsfråvær, K=Kortidsfråvær | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2014 | | | 2015 | | |
| **Avdeling** | **3. tertial** | **K** | **L** | **3. tertial** | **K** | **L** |
| Personal og org. inkl | 7,29 | 1,82 | 5,47 | 5,32 | 1,03 | 4,29 |
| Økonomi (>10) | 1,58 | 1,15 | 0,43 | 9,87 | 1,45 | 8,41 |
| Fellessekr. (<5) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Rådm./ass.rådm. (< | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| IKT (<5) | 36,57 | 4,07 | 32,5 | 0,39 | 0,39 | 0 |
| Servicetorget (<10) | 1,3 | 1,01 | 0,29 | 14,25 | 3,14 | 11,11 |
| Utviklingsavd. (<10) | 2,08 | 2,08 | 0 | 5,44 | 3,53 | 1,91 |
| Barnehageavd. (<40 | 14,46 | 3,21 | 11,25 | 12,32 | 3,46 | 8,86 |
| Grunnskuleavd. (<25 | 6,61 | 1,61 | 5 | 5,32 | 1,5 | 3,82 |
| Anl. og drift (<15) | 3,18 | 0,68 | 2,5 | 0,8 | 0,8 | 0 |
| Brannvern (<30) | 2,56 | 1,29 | 1,28 | 1,23 | 0,95 | 0,28 |
| Helse (<40) | 5,72 | 1,2 | 4,52 | 2,55 | 0,67 | 1,87 |
| Pleie og omsorg (<3 | 9,07 | 2,01 | 7,06 | 7,04 | 2,14 | 4,9 |
| Bu og hab. (<75) | 12,79 | 1,6 | 11,19 | 7,94 | 3,11 | 4,84 |
| Barnevern (<10) | 2,9 | 1,95 | 0,94 | 5,28 | 2,45 | 2,82 |
| Kultur (>10) | 0,7 | 0,7 | 0 | 5,69 | 1,95 | 3,73 |
| Eigedom (<40) | 13,47 | 2,59 | 10,84 | 22,29 | 3,21 | 16,38 |
| NAV kommune (10) | 2,68 | 2,68 | 0 | 13,64 | 2,27 | 11,37 |
| Totalt fråvær | 8,27 | 1,8 | 6,32 | 7,52 | 2,04 | 5,48 |

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråvær i 3. tertial 2015 på 7,52%. Det betyr at kommunen ligg om lag akkurat på mål for nærvær som er 92,5%. Dersom vi samanliknar med same tertial 2014, har vi ein reduksjon i fråværet med 0,75%. Generelt endrar sjukefråværet seg gjennom året, og ligg ofte på eit høgare nivå i 3. tertial. Langtidsfråværet er det som gjev størst utslag på statistikken og for 3. tertial 2015 er det på 5,48%. Samanliknar vi igjen 2014 og 2015, skil det over ein prosent.

**Vurdering og konklusjon**

Generelt ser vi av bade tabell 1 og 2 at sjukefråværet varierer mykje frå den eine avdelinga til den andre. Avdelingar med få tilsette vil få ein større prosentvis utslag enn avdelingar med mange tilsette. Døme på dette er Personal- og organisasjonsavdelinga eller IKT- avdelinga som har få tilsette.

11 av 18 avdelingar har ein nedgang i sjukefråveret frå 3. tertial 2014 til 2015, noko som isolert sett er svært positivt.

Dersom vi ser på utviklinga av sjukefråværet i 2015, er det særleg verdt å merke

**Sjukepengerefusjonar 3. tertial**
Oversynet syner genererte sjukepengekrav per månad (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per månad.




Oppdatert per. 11.01.15

Vi gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande. Eit krav som vert sendt til NAV, skal i teorien verte bokført refundert månaden etter, men i praksis gjeng det opp til tre månader. Det er fleire grunnar til forseinkinga, t.d. krav som ikkje vert sendt beinvegs eller restansar hjå NAV.

Samla sjukepengekrav og motteken refusjonar i 3. tertial 2015;

| **Sjukepengar** | **Kroner** | **Differanse** |
|---|---|---|
| Totalt genererte krav | kr 3 978 212,- | |
| Totalt motteke refusjon | kr 3 557 582,- | kr - 420 630,- |

Herøy kommune har vel kr. 400 000,- uteståande hjå NAV per 11. januar 2016. Målet er at krav og refusjonar skal gå i null ved års slutt.

Erfaring syner at ein aldri kjem heilt i ballanse. Dette kan skuldast fleire årsaker bl.a. for seint framsett krav og arbeidsgjevar har ikkje krav på refusjon.

**Foreldrepengerefusjonar 3. tertial**
Oversynet syner genererte foreldrepengekrav per månad (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude

# Økonomiavdelinga

1. **VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL**

   Har ikkje registrert viktige hendingar i 3. tertial 2015

2. **VEDTAKSRAPPORT**

   Budsjett/økonomiplan 2016-2019 vedteke. Står igjen å sende til Fylkesmannen

3. **TENESTERAPPORTERING**

**Intern avviksrapportering**
Ingenting å rapportere.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**
Det er ikkje sett i verk utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

**Anna**
Vår utfordring i 3 tertial er knytt til personellressursen. Vi har hatt stort sjukefråvær i tillegg til at ein person pensjonerte seg i sommaren 2015. Det har ført til at mange har fått tatt ut for lite ferie i 2015 (mange feridagar overført ti 2016). Fleire av medarbeidarane har strekt seg langt for å få hjula til å gå rundt med minst mogeleg plunder og heft for andre avdelingar/publikum. Faren er at dette kjem til halde fram også våren 2016. Totalt har vi 1,4 årsverk mindre i drift no enn vi hadde på tilsvarande tidspunkt i 2015.

**Servicetorget Tertialrapportering 3**
Servicetorgleiar /Wenche Moltu

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Førehandsrøysting vart gjennomført fram til valdato 10.09.2015.

På grunn av sjukmelding i avdelinga har det vore redusert bemanning.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Det er gjort vedtak på kva det skal lagast handlingsplan for i utarbeiding av ny kriseplan. Arbeidet med planen er ikkje avslutta.

## 3. TENESTERAPPORTERING

Det er sendt 11 avvik på forhold ein meiner ikkje fungerer overfor publikum i organisasjonen. Det er ikkje meldt avvik på ST i perioden.

**Utviklingsarbeid**
I denne perioden har det vore redusert bemanning (vakanse) og langtidssjukmelding. Det har ikkje vore høve for å tenke utviklingsarbeid då ein har hatt fokus på dagleg drift.

# PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge

## 1. VIKTIGE HENDINGAR 3. TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Fylkesvinnar i konkurransen «Gylne måltidsøyeblikk»
I samarbeid med Fylkesmannen inviterte Landbruksdepartementet alle sjukeheimane i landet til å delta i denne konkurransen med fokus på matglede og ernæring. Institusjonskjøkkenet i Herøy gjekk til topps i vårt fylke. Kjøkkenet leverer mat til alle sjukeheimsavdelingane, men av praktiske årsaker måtte ein legge sjølve konkurransen til matsalen ved hovedkjøkkenet, som er på Herøy omsorgssenter. Ein jury frå fylkesmannen har i denne anledning besøkt kommunen ved to høve. Vi nådde ikkje til topps i landssamanheng, men er godt nøgde med å vere ei båtlengd føre på fylkesnivå. Både deltakinga og prisen har inspirert til vidare arbeid med å utvikle gode tenester innanfor dette fagområdet.

Oppstart av arbeidet med nybygg for heildøgs omsorgsbustadar og base for heimetenestene. Ein viktig milepæl at eit etterlengta prosjekt har kome i gang, og avdelinga har vore aktivt deltakande i planlegginga av bygget hausten 2015

Positive erfaringar

- Fleire leiarar peiker på dei positive sidene ved det å ha dyktige lærlingar i avdelingane, både med tanke på kvalitet og effektivitet. Fagutviklingssjukepleiar jobbar aktivt ut mot ungdommen for å rekruttere gode kollegaer for framtida. I haust har vg2 helsefag vore på besøk på sjukeheimen og fått omvisning og innblikk i våre arbeidsområde. Aldri har så mange frå vg2 vore interesserte i læretid. Vi har også delteke med informasjon under yrkesveka til 9.klasse, og bidrege til ein helse- og omsorgsstand.
- Mange peiker på gode erfaringar med å ha fått kreftsjukepleiar i kommunen
- Fleire avdelingar har fått ein erfaren lege som fast vikar, og er svært nøgde med det. Pasientflyten og kompleksiteten på sjukeheimane har auka etter samhandlingsreforma, og sjukeheimslegen har ei svært viktig rolle.
- Har fått wifi-gjestenett på sjukeheimsavdelingane og planlegg innkjøp av nettbrett for å kunne ta i bruk skype for pasientane
- Det har vore fleire innlegg i media som er viktig for god omdømmebygging
- Avdelingane melder om godt arbeidsmilø og sjukefråværet er bra til å vere ei pleie- og omsorgsavdeling. Leiargruppa har hatt omfattande fokus på kompetansebygging og gode rutiner for sjukefråværsoppfølging. Det har også vore tema på fagdagane i avdelingane.
- Fleire avdelingar rapporterer om gode erfaringar med arbeidspraksisplassar frå NAV

leiargruppa i pleie- og omsorg, og den enkelte leiar vil så ta det vidare i sine avdelingar.

**Avvik frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

<u>Tilpasning til helsenett</u>
Det pågår framleis eit utviklingsarbeid med den elektroniske kommunikasjonen innad i helsenettet. Også den elektroniske kommunikasjonen mellom omsorgstenesta og legane i kommunen er no på plass i høve den tekniske biten. Neste steg vert å få dette i dagleg drift på legesida.

<u>Prosjekt vikarbank</u>
Prosjektet er under arbeid med midlar frå fylkesmannen til frikjøp av prosjektleiar i 20% stilling fram til sommaren 2016.

<u>Prosjekt aktivitetsvenn</u>
Prosjektet pågår. Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, vart Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket, plukka ut til å vere med på dette prosjektet.

Ragnhild Velsvik Berge

# BU- OG HABIILITERINGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

## 1. VIKTIGE HENDINGAR TREDJE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Ingen særskilte hendingar

## 2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.9.2015- 31.12.2015:

Ingen vedtak

## 3. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen frå 1.9.15 – 31.12.15: 14 avvik

| Kategori | Tal samla | Låg alvorsgrad | Middels alvorsgrad | Høg alvorsgrad | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| Helse, miljø og tryggleik | 3 | 1 | 2 | 0 | 3/3: Lukka |
| Organisasjon | 3 | | 1 | 2 | 3/3: Lukka |
| Teneste/brukar | 8 | 3 | 3 | 2 | 7/8: Lukka |

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingen tilsyn, ingen registrerte pålegg.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Arbeid med «Herøy ressurssenter»:
Arbeid med Herøy ressursenter vart på nytt satt på vent i investeringsbudsjettet. Bu- og habiliteringsavdelinga har over 6-7 år jobba mykje med dette prosjektet. Vidare framdrift er avhengig av tildelte ressursar og arbeid frå andre avdelingar i kommunen for gjennomføring.

Arbeid med utvikling av «kompetanseteam»:
Bu- og habiliteringsavdelinga arbeidar med eit med vikarprosjektet som har arbeidstittel « Eit kompetanseteam». Ideèn handlar om å tilsette personell i heile stillingar som skal arbeide på tvers i bu- og habiliteringsavdelinga. I

# Barn,- familie- og helseavdelinga

Leiar for Barn-, familie og helseavdelinga
Inger Marie Tofthagen

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Hending
Det er fortsatt vanskeleg å få tilsett i ledige fastlegeheimler. Vakansar over tid har skapt utfordringar. Kommunen har i denne perioden hatt to turnusleger og det har og vore noko meir stabilitet blant vikarane. Det arbeidast vidare for å få tilsett i fastlegeheimlene.

Hending
I løpet av første halvår 2016 vil to av seksjonsleiarane verte pensjonistar. Dette er medarbeidarar som har vore lenge i organisasjonen. Prosessen med å få tilsett nye seksjonsleiarer vart gjennomført seinhausten. Det vil dermed ikkje verte vakanse i desse stillingane ved leiarskiftet.

Hending
Rådmannen har vedteke at NAV skal verte ein del av avdelinga frå 1.1.2016. Arbeidet med iverksettinga av dette er i gang og det er mellom anna helde ei felles samling for alle i den nye avdelinga. Det var ei positiv stemning og eit godt møte.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

## 3. TENESTERAPPORTERING

Det er meldt 2 avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

Avvika gjeld manglande registrering i fråværssystem (TRIO). Avvika er handsama og lukka. Det har og vore store utfordringar med omsyn til IKT i dette tertialet, særleg ved overgang til nytt journalsystem for legesentra.

| **Framdrift** | Målsetting som vist i framdriftsplan nedanfor. | |

### Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Dokumenttype | |
| Dokumenttype | |
| Finansieringsvedtak | |

### Framdriftsplan

| | |
|---|---|
| Oppstart planlegging | |
| Kvalitetssikring | |
| Politisk handsaming | |
| Konkurransegrunnlag | |
| Anbodsfase | Prosjektet er i denne fasen no (i privat regi). |
| Byggefase | |
| Overleveringsfase | |
| Økonomisk avslutning | |
| Garantifase | |
| Ordinær driftsfase | |

### Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving | |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | |
| Rekneskap | |
| Restløyving | |

# ANLEGGSPROSJEKT
## Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

**Rapportdato: 07.01.2016**
**Ansvarleg: Eldar Hansen**

| **P201607** | **Dragsund, nytt næringsområde** | **Prioritet: liten** |
|---|---|---|
| **Status** | Gjeld nytt næringsområde sør for FV654, som ligg inne i kommuneplanen. Det må utarbeidast ein reguleringsplan før vidare planlegging. | |
| **Framdrift** | Det er ikkje utarbeidd framdriftsplan enno. | |

### Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Dokumenttype | |
| Dokumenttype | |
| Finansieringsvedtak | |

### Framdriftsplan

| | |
|---|---|
| Oppstart planlegging | |
| Kvalitetssikring | |
| Politisk handsaming | |
| Konkurransegrunnlag | |
| Anbodsfase | |
| Byggefase | |
| Overleveringsfase | |
| Økonomisk avslutning | |
| Garantifase | |
| Ordinær driftsfase | |

### Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving 2018 | 4 500 000 |
| Budsjettløyving 2019 | 4 500 000 |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | 9 000 000 |
| Rekneskap | |
| Restløyving | |

# ANLEGGSPROSJEKT
## Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

**Rapportdato: 07.01.2016**
**Ansvarleg: Eldar Hansen**

| P201609 | Bergsøy, ny skule | Prioritet: liten |
|---|---|---|
| Status | Byggje veg med teknisk infrastruktur til den nye skulen. | |
| Framdrift | Framdriftsplan er ikkje laga til enno. | |

### Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Dokumenttype | |
| Dokumenttype | |
| Finansieringsvedtak | |

### Framdriftsplan

| | |
|---|---|
| Oppstart planlegging | Usikkert |
| Kvalitetssikring | |
| Politisk handsaming | |
| Konkurransegrunnlag | |
| Anbodsfase | |
| Byggefase | |
| Overleveringsfase | |
| Økonomisk avslutning | |
| Garantifase | |
| Ordinær driftsfase | |

### Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving 2017 | 500 000 |
| Budsjettløyving 2018 | 4 000 000 |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | 4 500 000 |
| Rekneskap | |
| Restløyving | |

# ANLEGGSPROSJEKT

## Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

**Rapportdato: 11.01.2016**
**Ansvarleg: Lene S Huldal**

| **P201611** | **Eggesbønes, nytt industriareal** | **Prioritet** |
|---|---|---|
| **Status** | Ikkje påbegynt | |
| **Framdrift** | Grunnkjøp og regulering må gjennomføres før utbygging | |

### Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Dokumenttype | |
| Dokumenttype | |
| Finansieringsvedtak | |

### Framdriftsplan

| | |
|---|---|
| Oppstart planlegging | |
| Kvalitetssikring | |
| Politisk handsaming | |
| Konkurransegrunnlag | |
| Anbodsfase | |
| Byggefase | |
| Overleveringsfase | |
| Økonomisk avslutning | |
| Garantifase | |
| Ordinær driftsfase | |

### Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving | |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | |
| Rekneskap | |
| Restløyving | |

# ANLEGGSPROSJEKT
## Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

**Rapportdato: 11.01.2016**
**Ansvarleg: Lene S Huldal**

| P201613 | Eggesbønes, ny vegarm | Prioritet |
|---|---|---|
| **Status** | Ikkje påbegynt | |
| **Framdrift** | Grunnkjøp og regulering må gjennomføres før utbygging | |

## Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Dokumenttype | |
| Dokumenttype | |
| Finansieringsvedtak | |

## Framdriftsplan

| | |
|---|---|
| Oppstart planlegging | |
| Kvalitetssikring | |
| Politisk handsaming | |
| Konkurransegrunnlag | |
| Anbodsfase | |
| Byggefase | |
| Overleveringsfase | |
| Økonomisk avslutning | |
| Garantifase | |
| Ordinær driftsfase | |

## Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving | |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | |
| Rekneskap | |
| Restløyving | |

# ANLEGGSPROSJEKT
## Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

**Rapportdato: 11.01.2016**
**Ansvarleg: Jon Rune Våge**

| P201615 | Myklebustvatnet vest | Prioritet |
|---|---|---|
| Status | Overtaking av bustadfelt. Eldre sak som ikkje er ferdigstilt frå utbyggar | |
| Framdrift | Må avklarast iløpet av 2016 om veg vidare. | |

### Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Dokumenttype | |
| Dokumenttype | |
| Finansieringsvedtak | |

### Framdriftsplan

| | |
|---|---|
| Oppstart planlegging | |
| Kvalitetssikring | |
| Politisk handsaming | |
| Konkurransegrunnlag | |
| Anbodsfase | |
| Byggefase | |
| Overleveringsfase | |
| Økonomisk avslutning | |
| Garantifase | |
| Ordinær driftsfase | |

### Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving | |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | |
| Rekneskap | |
| Restløyving | |

# ANLEGGSPROSJEKT
## Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

**Rapportdato: 31.12.2015**
**Ansvarleg: Lene S. Huldal**

| Prosjektnr. P201617 | Prosjektnamn Rassikring Huldal | Prioritet |
|---|---|---|
| **Status** | Tilbodsfase | |
| **Framdrift** | Planlagt ferdigstilt første halvår 2016 | |

### Grunnlagsdokumentasjon

| | |
|---|---|
| Finansieringsvedtak | K-sak 98/15 |

### Økonomirapport

| | |
|---|---|
| Budsjettløyving | 370.000 |
| Tilleggsløyving | |
| Sum | |
| Rekneskap | 63.000 |
| Restløyving | 307.000 |

# Referat – samarbeidsmøte brann

P:\HE Utviklingsavdelinga\ADMINISTRASJON\RAPPORTERING\RAPPORT_2016_BRANN\SAMORDNINGSMØTE_MÅNED_REFERAT

**Dato: 04.01.2016**

**Møtt: JRV, TL, JNP, JMM**

**Referent: JMM**

**Sakliste:**

**A – Kvar har skjedd siste månad**

**Beredskap**

*Ny bil er i funksjon på Fosnavåg stasjon. Bra aktivitet frå 21 desember med omsyn til utrykningar, det har vore 77 i 2015 og dette er mindre enn foregåande år. Ca 50% er unødige utrykningar. Mål må vere å få desse ned, eit tiltak kan vege å innføre gebyr. Ein må vurdere å få fram kva desse utrykningane kostar oss framover. Litt utfordringar med nye bilen, fekk frådrag på ein del av kostnaden. Står igjen litt restarbeid på bilen og noko kommunikasjonsutfordringar. Gamal bil skal seljast. Gamal tankbil skal og seljast, eit spleiselag med Stemmedalen vassverk.*

**Forebyggande**

*Tilsyn gjennomført på paragraf 13 bygg, 10 til 15 står igjen. Dei fleste kommunale er tatt. Gjennomført tilsynsaksjoner på farleg stoff, fyrverkeri og gjennomført opplæring 6 klasser. Opplæring iinstitusjonar er og gjennomført. Alle barnehagane har hatt tilsyn. Busatte flyktningar har og hatt opplæring.*

**Overordna leiing**

*Gjennomført månadleg møte, halvdagsmøter. Vakt og vikarliste gjennomgang. PLIVO orientering gjennomført. Fred og Vegard H vert instruktørar. Klage frå mannskap frå hovudverneombud og tillitsvalgt. Svar er gitt ut. Klage går på informasjonsflyt, kompetanse mm.*

*2 personalsaker, personal følgjer opp saman med JRV*

*Referat ligg på HE_Brann*

**B- Kva er planane for komande månad**

**Beredskap**

*Bilen opp å gå, økonomisk avslutning. – oversikt på plass til neste møte i februar*

*Fleire andre mindre prosjekt som skal øk.avslutning. – oversikt på plass til neste møte i februar*

*2 på PLIVO kurs, starter lokal opplæring etter dette (3 lokale kurs).*

*Øvingsplan skal ut*

### 5122/332 Vegvedlikehald

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | 1. Dårleg dekke og bereevne på mange av dei kommunale vegane.<br>2. Generelt mangelfull grøfting/drenering langs vegane<br>3. Behov for reasfaltering inkl. nødvendige forsterkningar<br>4. Ressursmangel gjer at vedlikehaldet er begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov. | **Alvorleg/Moderat** |
| **Status** | Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

### 5125/ 380 Idrett

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald | **Moderat** |
| **Status** | Anlegga er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

### 5126/335 Sentrum og grøntanlegg

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald | **Moderat/Alvorleg** |
| **Status** | Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

### 5123/330 Hamn

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | 1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle<br>2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført<br>3. Manglar ved straumforsyningsanlegg, fenderverk m.m. | **Alvorleg/Moderat** |
| **Status** | Sak om innføring av hamneavgifter er under arbeid. | |
| **Framdrift** | Uviss. Avhengig av ressursar. | |

### 5131/353,350 Avlaup

| | | |
|---|---|---|
| **Avvik** | Har ikkje teknisk vakt. | **Alvorleg** |
| **Status** | Ulike løysingar for teknisk vakt vert vurdert. Ein kan ikkje pårekne at dei tilsette stiller opp til alle døgnets tider. Enkelte vert for mykje belasta utanom normalarbeidstid. | |
| **Framdrift** | Målset oppretting av teknisk vakt snarast mogleg i 2016. | |

# EIGEDOMSAVDELINGA

Eigedomsleiar Robert Myklebust

## 1. VIKTIGE HENDINGAR I TREDJE TERTIAL 2015

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar tredje tertial:

Kompetanseheving
I samarbeid med Herøy videregående skule, har 4 av reinhaldarane i avdelinga teke fagbrev som reinhaldsoperatør. For to reinhaldarar gjenstår den praktiske prøva til fagbrevet. Auka kompetanse i form av fagbrev er svært viktig for avdelinga og dei tilsette.

Leikanger skule og grendahus
Kommunestyret vedtok byggeprogram for Leikanger skule og grendahus, i tråd med tilrådinga frå rådmannen. Prosjektet fekk tilført naudsynte midlar i budsjettvedtaket for 2016.

Uforsvarleg arbeidsmiljø
Eigedomsavdelinga si driftsbase på Eggesbønes vart ved fleire høve utsett for vasskader etter høg flo og kraftig nedbør. Hendinga innebar at avdelinga måtte bruke både tid og pengar på å avgrense skadene. Driftsbasen er likevel plassert slik at nye skader vil inntreffe, noko avdelinga vurderer som uforsvarleg med tanke på arbeidsmiljø for seksjon byggdrift.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtak i kommunestyret og formannskapet i 2015:

| **K-sak 194/15** | **Kjøp av gnr. 38 bnr. 80 – Eggesbøvegen 9** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Kommunestyret vedtek kjøp av eigedomen gnr. 38 bnr. 80 med påståande bygg – Eggesbøvegen 9 – frå heimelshavar og seljar Unni Ada Myrvold Arhaug for kr. 2 200 000 pluss kostnadar.<br>2. Kjøpesummen og kostnadar til dokumentavgift og tinglysingsgebyr for skøyte vert gjort med slik budsjettendring:<br>- Konto 02800 – ansvar 5011 – Funksjon 303 – Prosjekt 50153 – ned kr. 2 250 000<br>- Konto 02800 – ansvar 5112 – Funksjon 261 – Prosjekt 51412 – opp kr. 2 200 000<br>- Konto 01950 – Ansvar 5112 – Funksjon 261 – Prosjekt 51412 – opp kr. 50 000 |

| BYGNING | TILTAK | STATUS |
|---|---|---|
| **Myrsnipa barnehage** | Bygningsmessige tiltak mot støy | Utført |
| | Vedlikehald av fasaden | Overført 2016 |
| **Leikanger grendahus og barnehage** | Etablere overbygg til rømingsvei | Utført |
| | Utskifting av hovedinngangsdør til barnehagen | Utført |
| | Utskifting av taktekking grendahuset | Utført |
| **Leikanger barneskule** | Utskifting av vindu på administrasjonsbygget | Utført |
| | Utskifting av resterande tak på skulen | Overført 2016 |
| **Bergsøy skule Blåhaugen** | Utbetring av lekasjepunkt på tak | Utført |
| | Vedlikehald av fasaden | Overført 2016 |
| | Vedlikehald av bærekonstruksjon | Overført 2016 |
| **Moltu barneskule** | Omtekking av tak | Utført |
| | Utskifting av kledning - gavlvegg Administrasjon | Utført |
| **Stokksund barne- og ungdomskule** | Oppgradering av gjerdet mot riksveg | Overført 2016 |
| **Solheim dagsenter** | Vedlikehald av fasade til garasjen | Overført 2016 |
| **Herøy omsorgssenter - raud og grøn avdeling** | Omtekking av tak på raud avdeling | Utført |
| | Støyping av bedd | Utført |
| | Vedlikehald av innvendig bygg | Utført |
| **Myrvåg omsorgssenter** | Vedlikehald av innvendig bygg | Utført |
| **Sjukeheimsvegen 06** | Utskifting av verandadører | Overført 2016 |
| **Rabbegjerdet 3** | Vedlikehald av fasaden | Overført 2016 |
| **Solbergvegen 2-4** | Vedlikehald av fasaden | Pågår |
| **Solbergvegen 6-8** | Vedlikehald av fasaden | Utført |
| **Sjukeheimsvegen 06** | Skifte golvbelegg i fellesareal gml. delen | Overført 2016 |
| **Trolldalsvegen 16-18** | Vedlikehald av fasaden | Overført 2016 |

Herøy kommune - Eigedomsavdelinga

# TERTIALRAPPORT - BYGGEPROSJEKT

2015 / 3

## 51312 HAVILA STADION FOSNAVÅG - TRIBUNETAK

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Trond Sellereite

### PROSJEKTBESKRIVING

Bygging av tribunetak med tilhøyrande bakvegg ved Havila Stadion Fosnavåg.

### STATUS

Prosjektet er overlevert til byggherre frå entreprenør. Det er avtalt sluttbefaring med kontraktspart i slutten av januar 2016.

### FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Prosjektet oversendast til kommunestyret for økonomisk avslutning i løpet av 2016 / T1.

| **Økonomi** | |
|---|---|
| Budsjett 2015 | 2 500 000,- |
| Budsjettendring * | 250 000,- |
| **Sum** ** | **2 750 000,-** |
| Rekneskap pr. rapporteringsdato | 2 474 221,- |
| **Resultat** | **25 779,-** |

* Interne kostnader

** Totalkostnad på prosjektet er rekna til kr. 5 408 585. Kommuna si løyving er avgrensa til kr. 2 750 000. Bergsøy Idrettslag dekker overskytande kostnad.

## 61504 HERØY RESSURSSENTER

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide

### PROSJEKTBESKRIVING

Samlokalisering av dagtilboda ved Herøy produksjon, Herøy aktivitetssenter og Vaksenopplæringa i eitt nytt og felles Herøy ressurssenter.

### STATUS

Eigedomsavdelinga har ferdigstilt eit utkast til byggeprogram for prosjektet, men byggeprogrammet er ikkje handsama politisk.

Det er i budsjett- og økonomiplan 2016-2019 løyvd kr. 500 000 i planleggingsmidlar i 2017. Det er ikkje løyvd utbyggingsmidlar for prosjektet.

### FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Byggeprogram oversendast til politisk handsaming i komite for helse- og omsorg og kommunestyret i løpet av 2016 / 1, som førebuing til arbeidet med budsjett 2017-2020.

| **Økonomi** | |
|---|---:|
| Budsjett 2015 | 500 000,- |
| Budsjettendring | - |
| **Sum** | **500 000,-** |
| Rekneskap pr. rapporteringsdato | 20 000,- |
| **Resultat** | **480 000,-** |

## 61509 EINEDALEN SKULE - FLEIRBRUKSHALL

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Rolf-Henning Skrede Hide

### PROSJEKTBESKRIVING

Planlegging og bygging av ein fleirbrukshall ved Einedalen skule. Prosjektet er eit samarbeid mellom eigedomsavdelinga, skuleavdelinga, kulturavdelinga og handballgruppa i Bergsøy idrettslag. Herøy kommune er byggherre for prosjektet, men både omfang av prosjektet og privat delfinansiering vurderast.

### STATUS

Eigedomsavdelinga har ferdigstilt eit utkast til byggeprogram for prosjektet, men byggeprogrammet er ikkje handsama politisk.

Det vart avsett kr. 250 000 i planleggingsmidlar for prosjektet i budsjett 2015. Av desse midlane er kr. 100 000,- omdisponert til planleggingsmidlar for prosjekt 70022 - Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering.

### FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Byggeprogrammet oversendast til handsaming i komite for oppvekst og kommunestyret våren 2016 som førebuing til budsjettprosessen for 2017-2020.

| **Økonomi** | |
|---|---|
| Budsjett 2015 | 250 000,- |
| Budsjettendring | - 100 000,- |
| **Sum** | **150 000,-** |
| Rekneskap pr. rapporteringsdato | 115 000,- |
| **Resultat** | **35 000,-** |

# 70021 HERØY RÅDHUS – MINDRE OMBYGGING

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Trond Sellereite

## PROSJEKTBESKRIVING

Prosjektet omhandlar mindre ombygging og oppgradering av Herøy rådhus for å lukke avvik etter branntilsyn og offentleg heiskontroll samt ferdigstille parkeringsområdet mot tilgrensande private grunneigarar.

## STATUS

Prosjektet er nedprioritert grunna stor arbeidsmengde.

## FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Arbeidet med prosjektet vert teke opp att i 2016.

| **Økonomi** | |
|---|---:|
| Budsjett 2015 | 250 000,- |
| Budsjettendring | 100 000,- |
| **Sum** | **150 000,-** |
| Rekneskap pr. rapporteringsdato | 0,- |
| **Resultat** | **150 000,-** |

## 70023 NEDRE DRAGSUND 2 – MINDRE OMBYGGING

Eigedomsavdelinga v/ prosjektleiar Trond Sellereite

### PROSJEKTBESKRIVING

Mindre ombygging for å sikre brannvernets nye tankbil naudsynt lagring innandørs samt andre naudsynte tiltak for å tilpasse bygget til nye leigetakarar.

### STATUS

Bygging av kaldtlager ved bygget er ferdigstillt . Brannvernets tankbil er plassert her i påvente av ei endeleg avklaring av om bygget delvis kan byggast om permanent til ny brannstasjon. Lavhallen i bygget har også fått installert port for ABB som ny leigetakar i bygget.

### FRAMDRIFTSPLAN OG ØKONOMI

Prosjektet er avslutta innanfor dei rammer 2015-budsjettet gav. Prosjektets vidare omfang og framdrift avhenger av budsjett 2016.

| **Økonomi** | |
|---|---|
| Budsjett 2015 | 800 000,- |
| Budsjettendring | - |
| **Sum** | **800 000,-** |
| Rekneskap pr. rapporteringsdato | 847 000,- |
| **Sum** | **- 47 000,-** |

# KULTURAVDELINGA

Kulturleiar Eileen Gjerde

## 1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Folkebiblioteket

- Etablering av aktiviteten «Språkkafé». Aktiviteten har som mål å skape ein møteplass for menneske som ynskjer å praktisere norsk. Metoden for å oppnå dette er samtalar, lekselesing, avislesing, spel osv. mellom norsktalande språkvertar og deltakarar. Ope for alle.
- Samarbeidsprosjekt med studentar frå Høgskulen i Volda for utvikling av folkebiblioteket som arena for offentlig samtale og debatt. Satsinga er forankra i ny folkebiblioteklov frå 2014.
- Bokboksar og lesestunder på Herøy kystmuseum ifm. arrangementet «Jul på Herøy».

Frivilligsentralen

- Har bidrege med ressursar i Herøy kystmuseum sitt arrangement «Jul på Herøy».
- Gjennomføring av årets TV-aksjon til inntekt for Regnskogfondet.

Ungdomsseksjonen

- MOT-arbeid i skulane.
- Gjennomføring av PIR-festival for ungdom på Herøy kulturhus.
- Juleball for psykisk utviklingshemma på kulturhuset i regi av Ungdomsrådet og i samarbeid med frivilligsentralen.

Kulturkontoret

- Rutinar og avtalar knytt til konserthus og kino.
- Reetablering av strategigruppa «Forebyggande arbeid for born og unge» i samarbeid med fleire avdelingar.
- Utarbeiding av skilting og skjøtselsplan ved Herøy kystmuseum i samarbeid med MR fylke, kyrkja og museet.
- Fagdag i kulturavdelinga med tema informasjon og kommunikasjon på sosiale mediar.
- I samarbeid med eigarstyret på Herøy kystmuseum, bidrege med ressursar i arrangementet «Jul på Herøy». Målet med arbeidet har vore auka aktivitet og fleire besøkjande til garden.

Konserthus og kino

- Deltaking i nettverk for dans- og scenekunst for å kunne tilby publikum i regionen særlege opplevingar innan desse felta.
- Etablering av utstyr som gjer det mogleg å satelittoverføre aktuelle arrangement frå inn- og utland.
- Rutinar og avtalar knytt til konserthus og kino og med samarbeidspartar.
- Planlegging av vårsemesteret ved konserthuset.

Kulturhus og idrettshall

- Veilede publikum ved kulturhuset for å unngå parkering i gangsoner som skapar farlige situasjonar for mjuke trafikantar.

## 2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå:

Komiteen for næring, kultur og idrett
18. mai 2015:

| **42/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR – UNDERSKOTSGARANTI, HERØY MÅLLAG** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Herøy Mållag får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 5 340 til arrangementet Litteratur og Quiz på Madelynn Coffee 22.10.2015.<br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet.<br>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

| **43/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR – SKILTING OG MERKING, BERGSØY IDRETTSLAG** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Bergsøy Idrettslag Trimgruppa får tilsegn om kr. 10 500 til skilting og merking av Heid-løypa. Det skal sendast melding til kommunen når prosjektet/turruta er merka, skilta og registrert..<br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre fakturaoversikt for arrangementet.<br>3. Tilskotet skal dekkjast over investeringsbudsjettet, «Merking av turstiar i Herøyfjella».. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

Komiteen for næring, kultur og idrett 12. okt. 2015:

| 57/15 | SØKNAD OM KULTURMIDLAR, OPPUSSING AV MINNESTEIN |
|---|---|
| **Vedtak** | Komiteen for næring, kultur og idrett oppfordrar Herøy kyrkjelege fellesråd til å pusse opp minnesteinen på Herøy gamle kyrkjestad over dei falne etter Goksøyr-ulykka.<br><br>Tiltaket kan gis tilskot frå kulturmidlane etter føregåande søknad frå fellesrådet. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | |

| 58/15 | SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, NORGES BLINDEFORBUND MØRE OG ROMSDAL |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Norges Blindeforbund Møre og Romsdal gis tilsegn om tilskot på kr. 1 000 til lydavis for blinde og svaksynte i Møre og Romsdal.<br><br>2. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

| 59/15 | SØKNAD OM KULTURMIDLAR - PROSJEKTMIDLAR, JØSOK OG KLEPPE FORSAMLINGSHUS |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Jøsok og Kleppe Forsamlingshus får tilsegn om tilskot på kr. 23 172 til forbetring og drenering av forsamlingshuset.<br><br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.<br><br>3. Tilskotet skal dekkjast over 14700.4011.231 Prosjektmidlar. |
| **Status** | |
| **Framdrift** | Tilskotet vert utbetalt når førutsetningane er oppfylte. |

| 60/15 | SØKNAD OM KULTURMIDLAR - KURS, HERØY JANITSJAR |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Herøy Janitsjar får tilsegn om tilskot på kr. 18 300 til kurs for eigne medlemer ifm. øvingshelga den 26-27.sept. 2015.<br><br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for kurset. |

| | |
|---|---|
| | 3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

| **61/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, SANDE SOGELAG** |
|---|---|
| **Vedtak** | Komiteen for næring kultur og idrett finn ikkje å kunne gje tilskot til å gi ut boka «Fotograf Olaf Storegjerde» då søknaden fell utanfor retningslinene for tildeling av tilskot av kulturmidlane i Herøy kommune. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

| **62/15** | **SØKNAD OM KULTURTILSKOT - DISPOSISJONSPOST, KULTURHELG I MOLDE 2015** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Inntil ni deltakarar på Kulturhelga i Molde får tilskot på kr. 2 000 per. person.<br><br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for reise, opphald og kursavgift.<br><br>3. Tilskotet vert utbetalt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

| **63/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - UNDERSKOTSGARANTI, KONSERT I HERØY KYRKJE I HØVE ALLHELGENSDAG** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Herøy sokn får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 4 000 til arrangementet Kyrkjekonsert i høve allehelgensdag den 31.10.2015.<br><br>2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet.<br><br>3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

Komiteen for næring, kultur og idrett 30. nov. 2015:

| | |
|---|---|
| **72/15** | **IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV GAPAHUK PÅ TVERRFJELLET** |
| **Vedtak** | *Herøy kommune førehandsgodkjenner plan om gapahuk på Tverrfjellet, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.* |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | |

| | |
|---|---|
| **73/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, TOFTETUNET - MYKLEBUSTTUNET** |
| **Vedtak** | 1. Toftetunet – Myklebusttunet får tilskot til dekning av 22 t. til støttekontakt, samt til dekning av køyreutgifter i høve deltaking dei aktuelle dagane av Herøyspelet 2015.<br><br>2. Tilskotet vert utbetalt når timelister og reiserekningar ligg føre.<br><br>3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet vert utbetalt når førutsetningane er oppfylte. |

| | |
|---|---|
| **74/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - PROSJEKT, SKILTING OG MERKING AV TURLØYPER** |
| **Vedtak** | 1. Komiteen for næring, kultur og idrett gir tilsegn om tilskot som fylgjer:<br>a. Pensjonistlaga i Herøy, kr. 30 000 til oppsetting av kvilebenker langs rundløype i tilknyting til begge sjukheimane.<br>b. Tjørvåg idrettslag, kr. 20 000 til skilting-merking av turstiar i Myrvåg og Tjørvåg<br>c. Heida Vel, kr. 10 500 til skilting - merking av Heid tursti<br><br>2. Tilskot kan utbetalast når det ligg føre fakturaoversikt for det enkelte prosjekt.<br><br>3. Tilskota skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

| | |
|---|---|
| **75/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, HERØY MÅLLAG** |

| | |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Herøy Mållag får tilsegn om auke i underskotsgaranti på kr. 3 721 til arrangementet Litteratur & Quiz som vart gjennomført på Fosnavåg konserthus 22.10.2015.<br><br>2. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

| **76/15** | **SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, BARNEHAGEVEKA 2015** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Barnehageveka 2015 gis eit tilskot på kr. 16 500 til dekning av teaterframsyning for barnehageborn.<br><br>2. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | Tilskotet er utbetalt. |

Kommunestyret 30. apr. 2015:

| **48/15** | **KYSTPILEGRIMSLEIA** |
|---|---|
| **Vedtak** | 1. Kommunestyret er positive til prosjekt Kystpilegrimsleia, og ynskjer å ha ei synleg rolle i satsinga.<br><br>2. Kommunestyret ynskjer at Herøy gard skal vere fyrtårnet for den lokale satsinga på Kystpilegrimsleia.<br><br>3. Kommunestyret ynskjer ei prosjektgruppe med ein representant kvar frå: Herøy kyrkje, Herøy kystmuseum, Herøy Næringsforum v/reiselivsgruppa og kulturkontoret. Andre ressursar vert involvert etter behov.<br><br>4. Kulturleiar har ansvar for koordinering av gruppa. |
| **Status** | Pågår.<br><br>Delteke i møte med initiativtakarar av pilegrimsvandringa «Sunnmørsleia» m.fl..<br>Evaluering av årets- og planlegging av neste års pilegrimsaktivitetar ifm. Herøyspelet. Samarbeid med kyrkjene.<br><br>Kommunen har ikkje motteke informasjon frå prosjektleiar eller fylkeskommune i denne perioden. |

| | |
|---|---|
| | Avventer utnemning av representant frå Herøy Næringsforum reiselivsgruppa til prosjektgruppa. |
| **Framdrift** | Vidare oppfylging av prosjektet i regi av prosjektgruppa og saman med ulike samarbeidspartar. |

Kommunestyret 24. sep. 2015:

| **111/15** | **ÅRSMELDING OG REKNESKAP HERØY FRIVILLIGSENTRAL 2014** |
|---|---|
| **Vedtak** | Årsmelding og rekneskap for Herøy Frivilligsentral 2014 vert godkjend. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | |

Kommunestyret 10.des. 2015:

| **111/15** | **AVGRENSA REVIDERING AV "PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM" I KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2015- 2018** |
|---|---|
| **Vedtak** | Herøy kommune vedtek i medhald av Pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018 slik det ligg føre. |
| **Status** | Avslutta. |
| **Framdrift** | |

## 3. TENESTERAPPORTERING

### Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik til anna avdeling:
Etterslep frå eigedomsavdelinga på leveransar til vår avdeling:

- rehabilitering av lokale i fritidsklubben etter fleire vannlekkasjar ifm bygginga av Sunnmørsbadet. Konsekvens av forseinkinga er at fritidsklubben har vore stengt for aktivitet med unntak av PU-klubb, også etter at badet opna våren 2015. Utbetring gjennomført nov/des.
- etablering hensiktsmessig tilgang til lagerrom for materiell og utstyr knytt til idrettshallen. Konsekvens av forseinkinga er at avdelinga ikkje får tatt vare på og rydda utstyr vekk frå fellesareal og rømingsvegar, samt lager til andre formål.
- planlagd flytting av IKT-avdelinga for å gje plass til frivilligsentralen på

kulturhuset. Konsekvens av forseinkinga er at vi ikkje oppnår forventa reduksjon i husleigekostnader for sentralen, og tilsvarande auke i husleigeinntektene ved kulturhuset. I påvente av avklaring kan ikkje planlagd areal nyttast.

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) siste tertial:
Ingen.

**Avvik frå offentlege tilsynsorgan.**
Ingenting å rapportere.

**Pålegg frå offentlege tilsynsorgan**
Ingenting å rapportere.

**Utviklingsarbeid**
Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

God og hensiktsmessig leiing og drift av kulturhuset og idrettshallen.
Saka vart fremja for kommunestyret før sommaren.
Avdelinga arbeider med avklaringar og tiltak knytt til saka.

Referatsaker

Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

# SAKSPROTOKOLL

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | SLR | Arkivsaknr: | 2014/1862 |
| | | Arkiv: | A20 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 38/14 | Komite for oppvekst | 03.12.2014 |
| 171/14 | Kommunestyret | 17.12.2014 |
| 8/15 | Kommunestyret | 29.01.2015 |

## STRATEGI FOR SKULEUTVIKLING

**<u>Tilråding frå rådmannen:</u>**
Kommunestyret godkjenner strategien for skuleutvikling 2015-18, «Herøyskulen, ein los i leida»

**Møtebehandling i komite for oppvekst 03.12.2014:**

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy møtte og orienterte.

**Tilråding i komite for oppvekst 03.12.2014**

Komite for oppvekst tek saka til vitande og sender saka til kommunestyret for vidare handsaming.

**Møtebehandling i kommunestyret 17.12.2014:**

Saka vart utsett til møte i januar.

**Møtebehandling i kommunestyret 29.01.2015:**

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy, rektor v/Leikanger skule Jan Helge Leikanger og rektor v/Stokksund skule Vidar Kalland møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i kommunestyret 29.01.2015**

Kommunestyret godkjenner strategien for skuleutvikling 2015-18, «Herøyskulen, ein los i leida»

Særutskrift:

**Vedlegg:**
«Herøyskulen - ein los i leida», strategi for skuleutvikling 2015-2018.

**Saksopplysningar:**
Som saksopplysningar, vert forordet til strategidokumentet kopiert inn. Dette fortel både tanken bak dokumentet, og korleis ein har arbeidd:

*I 2004 vart dokumentet «Pedagogisk plattform for Herøyskulen» utarbeidd. Dette skulle danne basisen for det pedagogiske utviklingsarbeidet i grunnskulen.*
*I 2006 kom skulereforma «Kunnskapsløfet» med nye læreplanar, noko som medførte ein revisjon av «Pedagogisk plattform». Revideringa hadde som formål å utvikle ei plattform og kriterium for den gode skulen i Herøy kommune, bygd på Kunnskapsløftet, nasjonale mål og hovudprioriteringar for grunnskulen, samt Opplæringslova med forskrifter.*
*Følgjande forhold vart lagde til grunn:*

- *Skulane skal auke kompetansen sin, og gjevast større lokal fridom til å vidareutvikle arbeids- og læringsformer som set elevane si læring i sentrum.*
- *Skulen sitt utstyr og fysiske utforming skal støtte opp under slike arbeids- og læringsformer.*
- *Ei satsing på utvikling av kvaliteten på opplæringa gjennom kompetanseutvikling, utviklingsarbeid og forsøksverksemd.*
- *Bruk av IT som ein del av grunnlaget for utvikling av gode læringsformer og for å betre elevane sitt arbeidsmiljø.*
- *Samarbeid heim/skule.*

*Som grunnlag og plattform kan ein seie at det meste framleis er aktuelt, om enn ikkje dekkande. Sidan revisjonen i 2006, har mykje endra seg i skulen. Det har vorte endå fleire lover, forskrifter og rundskriv som styrer skulen. Skuleeigar (kommunen) har fått eit endå større ansvar for system og kontroll. Skulestrukturen i Herøy er endra. Krava til læringsutbytte og resultat har auka. Kompetansekrava for undervisningspersonell har auka. Den teknologiske utviklinga har teke endå nokre steg. Det er sterke nasjonale føringar for pedagogisk skuleutvikling, og økonomiske stimuleringsmidlar er gjort tilgjengelege for å delta i nasjonale satsingar.*
*Berre for å nemne noko.*
*Samtidig har ein siste åra sett verdien av felles mål og felles retning, for å kunne bygge kvarandre gode på tvers av skular, og gjere oss nytte av kvarandre sin kompetanse.*
*Med desse momenta som faktorar i eit bakteppe, sette skuleavdelinga i gang eit analysearbeid med utgangspunkt i SWOT-metodikken. Målet var å teikne ei strategisk overbygning over kvar Herøyskulen står i dag, og kva retning vi skal gå vidare - saman.*

**Vurdering og konklusjon:**
I strategiarbeidet vert retninga på arbeidet staka opp, og mål og strategiar vert fastsette. Samtidig ser ein verdien av at dette er eit kontinuerleg arbeid og dokumentet eit «levande dokument».
Skuleavdelinga ser på dokumentet som eit nyttig styringsverktøy, felles for Herøyskulen.

Konsekvensar for folkehelse:
Strategien tilseier kompetansebygging og fellesskap, noko som igjen skaper trivsel og samhald på arbeidsplassen og på tvers av skular.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen vesentlege konsekvensar.

Konsekvensar for drift:
Strategien tilseier større grad av nettverk og samarbeid, både på leiar- og lærarnivå.

Konsekvensar for økonomi:
Ingen vesentlege konsekvensar

Fosnavåg, 24.11.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Sølvi Lillebø Remøy |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Sølvi Lillebø Remøy

# «HERØYSKULEN - EIN LOS I LEIDA» STRATEGI FOR SKULEUTV IKLING 2015-2018



Innhaldsliste:

Forord………………………………………………………………………………………………… 3

Visjonar og grunnprinsipp……………………………………………………………………… 4

Skulekrinsar…………………………………………………………………………………………… 5

Elevtalsutvikling…………………………………………………………………………………… 5

Skular og kapasitet …………………………………………………………………………… 6

Strategiske satsingsområde………………………………………………………………… 7

Felles pedagogiske satsingar……………………………………………………………… 11

Eleven sitt lærings- og arbeidsmiljø……………………………………………………14

Faktorar som støttar læring…………………………………………………………………16

Utdrag av handlingsplanar for den enkelte skule:
Bergsøy skule…………………………………………………………………………………………19
Einedalen skule………………………………………………………………………………………21
Leikanger skule………………………………………………………………………………………22
Moltu skule………………………………………………………………………………………………23
Nerlandsøy skule……………………………………………………………………………………24
Stokksund skule………………………………………………………………………………………25
Ytre Herøy ungdomsskule…………………………………………………………………………26

Utfordringar……………………………………………………………………………………………27

# FORORD

I 2004 vart dokumentet «Pedagogisk plattform for Herøyskulen» utarbeidd. Dette skulle danne basisen for det pedagogiske utviklingsarbeidet i grunnskulen.
I 2006 kom skulereforma «Kunnskapsløfet» med nye læreplanar, noko som medførte ein revisjon av «Pedagogisk plattform». Revideringa hadde som formål å utvikle ei plattform og kriterium for den gode skulen i Herøy kommune, bygd på Kunnskapsløftet, nasjonale mål og hovudprioriteringar for grunnskulen, samt Opplæringslova med forskrifter.
Følgjande forhold vart lagde til grunn:

- Skulane skal auke kompetansen sin, og gjevast større lokal fridom til å vidareutvikle arbeids- og læringsformer som set elevane si læring i sentrum.
- Skulen sitt utstyr og fysiske utforming skal støtte opp under slike arbeids- og læringsformer.
- Ei satsing på utvikling av kvaliteten på opplæringa gjennom kompetanseutvikling, utviklingsarbeid og forsøksverksemd.
- Bruk av IT som ein del av grunnlaget for utvikling av gode læringsformer og for å betre elevane sitt arbeidsmiljø.
- Samarbeid heim/skule.

Som grunnlag og plattform kan ein seie at det meste framleis er aktuelt, om enn ikkje dekkande. Sidan revisjonen i 2006, har mykje endra seg i skulen. Det har vorte endå fleire lover, forskrifter og rundskriv som styrer skulen. Skuleeigar (kommunen) har fått eit endå større ansvar for system og kontroll. Skulestrukturen i Herøy er endra. Krava til læringsutbytte og resultat har auka. Kompetansekrava for undervisningspersonell har auka. Den teknologiske utviklinga har teke endå nokre steg. Det er sterke nasjonale føringar for pedagogisk skuleutvikling, og økonomiske stimuleringsmidlar er gjort tilgjengelege for å delta i nasjonale satsingar.
Berre for å nemne noko.
Samtidig har ein siste åra sett verdien av felles mål og felles retning, for å kunne bygge kvarandre gode på tvers av skular, og gjere oss nytte av kvarandre sin kompetanse.
Med desse momenta som faktorar i eit bakteppe, sette skuleavdelinga i gang eit analysearbeid med utgangspunkt i SWOT-metodikken. Målet var å teikne ei strategisk overbygning over kvar Herøyskulen står i dag, og kva retning vi skal gå vidare - saman.



## VISJON OG GRUNNPRINSIPP

Det strategiske utviklingsarbeide Herøy kommune sin visjon « - ei båtlengd føre», ligg som overbygning og rettesnor for alle tenestene som kommunen yter.
Herøyskulen bygg vidare på denne når vi løftar fram det som skal vere fyrlykta vår:

**Visjon: «Herøyskulen - ein los i leia»**
Vårt største ønskje at vi skal kunne legge til rette for å vere med å utvikle trygge og velfungerande barn og unge. Dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, og bygge verdiar og haldningar som fører dei på rett veg.

**Motto**: **«Herøyskulen - med stø kurs»**
Vi skal arbeide systematisk og målretta for å nå visjonen vi har sett oss. Vi er allereie på god veg, men skal i fellesskap nå endå lenger.

På **sjømerka** langs leida står der ord som:
**Kvalitet - Meistring - Trivsel - Kunnskap - Læring - Utvikling**

Det strategiske utviklingsarbeidet skal byggje på følgjande grunnprinsipp:

1. Læringsmiljøet skal vere prega av tryggleik, omsorg og respekt
2. Herøyskulen skal ha lærar- og leiarkompetanse til å møte framtida sine utfordringar.
3. Skulen skal ha klare læringsmål og forventningar til elevane, og med vurdering som fremjer vidare læring.
4. Samarbeid mellom heim og skule skal vere basert på god gjensidig kommunikasjon, til beste for elevane si læring.
5. Skulebygg og uteområde skal vere i samsvar med læreplanar og stimulere til fysisk aktivitet og trivsel.
6. Elevane skal oppleve meistring og godt læringsutbytte, ved hjelp av ulike læringsstrategiar og verktøy.
7. Tidleg oppdaging av vanskar, og tidleg innsats i eit tverrfagleg samarbeid.



# SKULEKRINSAR

Grunnskulen i Herøy er samansett av 7 skular:

| **Namn skule** | **Elevtal pr.oktober 2014** |
|---|---|
| Nerlandsøy skule 1.-7. | 69 |
| Moltu skule 1.-7. | 52 |
| Leikanger skule 1.-7. | 79 |
| Stokksund skule 1.-7. | 94 |
| Stokksund 8.-10. | 73 |
| Bergsøy skule 1.-7 | 300 |
| Einedalen skule 1.-7. | 183 |
| Ytre Herøy ungdomsskule 8.-10. | 239 |

Kommunstyret har gjort vedtak om krinsgrenser, som fortel kva bygdelag som høyrer til kva skulekrins, jfr. Opplæringslova §8.1. Det er også utarbeidd retningslinjer for handtering av saker som gjeld flytting av elevar til annan skulekrins enn den ein bur i.

Elevtalsutviklinga viser samla sett ein svak nedgang jfr. folketalsregistreringa, men innvandringa jamnar ut dette bildet. Utviklinga varier noko frå krins til krins og med variasjonar i kulla frå år til år.

Tabell for elevtalsutvikling, basert på siste data frå Folketalsregisteret, pr.april2014

**Barnetalsutvikling i Herøy kommune** Klasser 14-15

| Krins | Fødd – år | Elevtal 14-15 | | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 | 1. 2008 | 2. 2007 | 3. 2006 | 4. 2005 | 5. 2004 | 6. 2003 | 7. 2002 | 8. 2001 | 9. 2000 | 10. 1999 | Elevt.gr.sk 2014/15 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0003+4+ 5+6+7 | Einedalen | 185 | | 10 | 22 | 30 | 21 | 25 | 22 | 37 | 24 | 25 | 33 | 28 | 16 | | | | 185 |
| 0008. | Bergsøy | 294 | | 42 | 40 | 63 | 41 | 42 | 44 | 42 | 26 | 50 | 45 | 41 | 46 | | | | 294 |
| 0001+2 | Nerlandsøy | 68 | | 13 | 9 | 13 | 12 | 9 | 7 | 7 | 10 | 12 | 13 | 9 | 10 | | | | 68 |
| 0009. | Moltu | 52 | | 3 | 4 | 6 | 8 | 3 | 5 | 15 | 3 | 6 | 6 | 8 | 9 | | | | 52 |
| 0012 +11 | Leikanger | 76 | | 9 | 8 | 10 | 10 | 16 | 12 | 16 | 12 | 11 | 9 | 3 | 13 | | | | 76 |
| 0010+11 | Stokksund b.sk | 94 | | 11 | 14 | 13 | 15 | 17 | 10 | 11 | 17 | 9 | 13 | 19 | 15 | | | | 94 |
| | Stokksund u.sk | 73 | | | | | | | | | | | | | | 23 | 30 | 20 | 73 |
| | YHU | 238 | | | | | | | | | | | | | | 76 | 74 | 88 | 238 |
| | Kom. Årstr. b.s. | | | 88 | 102 | 141 | 113 | 116 | 100 | 128 | 92 | 113 | 119 | 108 | 109 | | | | 769 |
| | Kom. Årstr. u.s | | | | | | | | | | | | | | | 93 | 104 | 108 | 305 |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 1074 |

Folkeregister pr apr-14 Leikanger og Stokksund est.ford. av Myrvåg el.

Erfaringstal siste år har vist ein vekst ut over dette, i samband med innvandring. Dette merkast særleg på Bergsøy skule og Ytre Herøy ungdomsskule.
Oversikta vert oppdatert to gongar pr.år.

## SKULAR OG KAPASITET

Svingande årskull er ei stor utfordring i forhold til utnytting av kapasiteten i skulane.

**Einedalen skule** har i dag ca. 190 elevar, men er planlagt for 245. Skulen er eitt stort klasserom pr.årstrinn, med plass til 35 elevar - med tilstøytande grupperom for deling. Somme årstrinn er overfylte, medan andre har rikeleg kapasitet. Eventuell regulering av krinsgrenser for å fylle kapasiteten, vil dermed bety å opne opp for somme årstrinn og for andre ikkje.

**Stokksund skule** har god kapasitet på ungdomstrinnen, medan barnetrinnet svingar. Somme årskull er store og tangerer grensa for kor mange elevar der er plass til i klasserommet, medan andre er betre kapasitet. Ein blir stadig minna på at kommunestyret i si vedtok at der klasseromma skulle dimensjonerast for 19 elevar - noko som viser seg å vere utfordrande å handtere.

**Leikanger skule** har hatt ein jamn vekst i elevtalet siste åra. Heile skulen, inkl. kjellar og loft, er no teke i bruk som klasserom. I tillegg låner ein tidvis noko areal på grendahuset til spesielle aktivitetar og møte/grupperom. I følgje prognosene vil skulen ha for liten kapasitet frå og med hausten 2016. Då vil ein ha behov for minst eitt klasserom til, samt meir arbeidsplassar for tilsette.

**Bergsøy skule** er delt i to avdelingar.
1.-4.årstrinn held til på avdeling Blåhaugen, og møter jamnt utfordringar med for lite areal. Kommunestyret skar 600m2 etter at avdelinga var ferdig prosjektert og klar for bygging. Dette medførte kutt i grupperom, garderober, SFO og lager. Med årskull på 40-50 elevar, er skulen for trong.
5.-7.årstrinn held til på avdelinga Borga. Her er det tilstrekkeleg kapasitet.

**Ytre Herøy ungdomsskule** har god kapasitet sett i forhold til elevtalet.

**Nerlandsøy skule** har bra kapasitet etter å ha fått sett opp modulbygg. I tillegg nyttar ein den nedlagde barnehagen som klasserom.

**Moltu skule** har god kapasitet. Ei ombygging av kjellaren sommaren 2014 gjorde det også muleg å få ei god ressursutnytting, med undervisning i fådelte grupper.

## STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDE

**Opplæringslova §1-1 Formålet med opplæringa**
Pkt.1 «Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.»
Pkt.5 «Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong».



Paraplyen over det pedagogiske arbeidet i Herøyskulen, har vi kalla «Meir læring for alle». Strategiane skal bygge opp under dette, og sikre motivasjon, lærelyst og nysgjerrigheit. Dette skal styrke læringa, auke læringsutbyttet og betre læringsresultata.
I dei strategiske vurderingane er det lagt stor vekt på styrke, svakheiter, mulegheiter og truslar -med bakgrunn i kvar grunnskulen står i dag. Det er lagt vekt på vurdering av moment som fremjar eller hemmer læring, og som i hovudsak ligg innanfor eige handlingsrom.
Det er viktig å vere bevisst dei sterke sidene i Herøyskulen, og bruke dette som grunnmur under det byggverket som skal sikre «Meir læring for alle».

**Sterke sider**

Analysearbeidet har avdekka svært mange sterke sider ved Herøyskulen, men desse 3 vart vurdert som dei viktigaste, i forhold til læring:

- Kompetanse/fagkunnskap i alle ledd
- Samarbeid mellom skular/nettverk
- Høg grad av trivsel mellom tilsette og elevar

Kompetanse/fagkunnskap i alle ledd
Herøyskulen har dyktige skuleleiarar, nokre med formell skuleleiarutdanning og andre med lang erfaring. Ein har elles gjennom fleire år, arbeidd med intern leiaropplæring i samarbeid med dei andre kommunane på søre Sunnmøre.
Herøy kommune er organisert i 3 nivå, med ein skuleadministrasjon sentralt som støtte for skuleleiarane ute. Dette vert framheva som nyttig, positivt og trygt. Det er bygt opp fagleg kompetanse som sikrar god kvalitet på sakshandsaming og beslutningar i alle ledd, samt felles system og prosedyrer.
Alle tilsette lærarar har godkjent lærarutdanning. Ved nytilsetjingar siste åra, har vi også stetta kompetansekrava for undervisning i ungdomsskulen, i tråd med opplæringslova.
Det er fortsatt for få assistentar med fagbrev, men stor stabilitet og dermed erfaringskompetanse i skule og SFO.

Samarbeid mellom skular/nettverk
Det har gjennom fleire år vore etablerte nettverk mellom leiinga på ulike skular, både kommunalt og interkommunalt. I tillegg har det vore nettverk på tvers av skular innan somme fagområde og funksjonar.
Siste åra har det også blitt etablert nettverk for pedagogisk utvikling, såkalla lærande nettverk. Gjennom faglege innspel, felles refleksjon og deling av praksis har ein bygt ein felles kompetanse - løfta kvarandre i fellesskap. Det er svært mykje høg kompetanse i organisasjonen, både formell kompetanse og erfaringskompetanse.
Alle lærarar er no knytte til lærande nettverk, og erfaringane er svært positive.

Høg grad av trivsel mellom tilsette og elevar
Den årlege Elevundersøkinga viser at det store fleirtalet av elevar i Herøy trivst svært godt på skulen. Ein har ikkje så eksakte data på tilsette, men både sist gjennomførde Medarbeidarundersøking og dei årlege medarbeidarsamtalane, samt lavt sjukefråvær, fortel at også tilsette trivst godt.
Trivsel og gode relasjonar er eit viktig fundament for læring. I så måte stiller Herøyskulen sterkt.
Dette er eit godt grunnlag å byggje vidare på framover.

**Svake sider**

Like eins vart svakheitene ved Herøyskulen vurdert, og fleire moment kom fram. Desse 3 vart vurdert som dei viktigaste i forhold til læring:

- Mangel på tid til prioritering av det som skaper læring
- Manglande kontroll av/system på kvaliteten i klasserommet
- Manglande rolleavklaring heim/skule, ikkje tydeleg nok.

Desse områda er det viktig å ta tak i, med overordna mål og tilak for heile Herøyskulen og med handlingsplanar på den enkelte skule.

**Mulegheiter**

I analysearbeidet er fleire potensielle utviklingsområde vurdert, område der ein for så vidt er på god veg, men der ein ikkje har teke ut alle mulegheiter:

- Rektor har ein viktig funksjon som pedagogisk leiar. Denne kan styrkast ytterlegare, både ved å observere i klasseromma og rettleie tilsette, og ved å drive skulebasert utviklingsarbeid.

- Undersøkingar viser at dei fleste foreldre til barn i Herøyskulen er støttande, og bryr seg positivt om skulen og elevane si læring. Ved å utnytte denne situasjonen endå meir, kan læringstrykket bli auka og læringsresultatet betre.

- Herøyskulen er i ferd med å samle seg om meir felles planar og felles utviklingsarbeid. Dette inneber auka grad av styring og oversikt, og ikkje minst styrka samarbeid. Her ligg mange mulegheiter, men kan også utfordre den enkelte sin integritet og lojalitet.

**Truslar**

Det er avdekka fleire truslar, som kan hindre eller hemme læring og måloppnåing:

- For svake støttefunksjonar, særleg IKT og vaktmestertenester. Ein opplever stadig at datautstyr ikkje fungerer, og at ein ikkje får arbeide verken med læringsprogram eller kartleggingar slik intensjonen var. I tillegg utfører rektor oppgåver som tidlegare vart utført av vaktmester. Dette stel av tida som skal nyttast til pedagogisk leiing.

- Kunnskap om og evne til klasseromsleiing er ikkje like sterk hos alle lærarar. Begge dei pedagogiske satsingane legg til rette både for auka kunnskap og rettleiing, men der er ein veg å gå.

- Stadig fleire elevar har særlege behov som krev ressursar ut over det ordinære. I dag har alle rett på skulegang, uansett funksjonsevne og språk. Så lenge ramma er konstant eller endåtil vert redusert, er dette ein trussel for det generelle opplæringstilbodet i skulen.



## Oppsummering av strategiske satsingsområde:

I planperioden skal det arbeidast fram mot følgjande målsetjingar:

1. Alle lærarar skal bli endå betre klasseleiarar, med god relasjon til elevane og fokus på meir læring. Måloppnåing skal avklarast gjennom kvantitative verktøy som Elevundersøkinga og kvalitative metodar som observasjon, refleksjon og samtale.
   <u>Tiltak:</u>
   Skuleeigar: Tilrettelegging av kompetansehevande tiltak og strukturar for samarbeid.
   Rektor: Handlingsplanar og utviklingsarbeid på den enkelte skule, i samråd med PPT og andre kompetansemiljø.

2. Den enkelte rektor skal bruke meir tid til å vere pedagogisk leiar.
   Måloppnåing skal avklarast gjennom kvantitative verktøy som medarbeidarundersøking, og kvalitative metodar som samtale mellom rektor og skuleeigar.
   <u>Tiltak:</u>
   Skuleeigar: Bidra til å redusere administrativt arbeid. Auke administrasjonsressursen på skulane. Arbeide for å styrke støttefunksjonane.
   Rektor: Sterkare prioritering av oppgåver. Bruke elektroniske verktøy aktivt.

3. Styrke samarbeidet heim /skule, med tiltak relatert til læring. Avklare roller mellom skule og heim. Måloppnåing skal avklarast gjennom kvantitative verktøy som Foreldreundersøking, og kvalitative metodar som foreldresamtalar og foreldremøte.
   <u>Tiltak:</u>
   Skuleeigar: Involvere Kommunalt Foreldreutval, bidra til forståing og engasjement på kommunenivå. Initiere gjennomføring av Foreldreundersøking, analysere resultat.
   Rektor: Handlingsplanar på den enkelte skule, i samarbeid med FAU. Analysere resultat av Foreldreundersøkinga, gjennomføre tiltak for forbetring.



# FELLES PEDAGOGISKE SATSINGAR

## Vurdering for læring

Fleire skular i Herøy deltok skuleåret 2013/14 i satsinga Vurdering for læring, i regi av Utdanningsdirektoratet. Dei andre har fått del i kunnskap og erfaringar.
Satsinga bygde på forskrift til opplæringslova; Individuell vurdering i grunnskulen og vidaregåande opplæring.
Det nye i dette er at ein i større grad enn før nyttar vurdering for å lære meir, i staden for berre ei sluttvurdering.

**Overordna mål:**

1. Leggje til rette for at lærarar, leiarar og skuleeigar kan vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål.
2. Styrke læringstrykk og auke læringsnivået.

Sluttrapporten viser at alle skular har kome eit godt stykke lenger i dette arbeidet. Lærarane set klare læringsmål for arbeidet, slik at elevane veit kva dei skal lære. Det vert set opp vurderingskriterie, slik at elevane veit kva som vert forventa av dei.
Ein opplever at vurdering for læring - eller undervegsvurdering - styrkar læringstrykket og aukar læringsresultatet. Arbeidet held fram på den enkelte skule, og inngår i det vidare arbeidet med «Meir læring for alle» og «Ungdomstrinnsatsinga»



## Ungdomstrinnsatsinga

Ungdomsskulane i Herøy deltek i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling». Satsinga er skulebasert, med fagleg støtte frå Høgskulen i Volda, og går over perioden august 2014 til juni 2017. Faglege tema er relatert til Klasseleiing, Rekning og Lesing.

**Overordna mål**

1. Styrke læringsmiljøet i klasserommet, slik at elevane kan konsentrere seg og bli meir motiverte for læring og utvikling.
2. Overføre forskingsbasert kunnskap om klasseleiing til undervisning i aktuelle fag

**Tiltak for skuleeigar**

- Avklare skulane sine utviklingsbehov utifrå noverande status
- Sikre rektorar, utviklingsrettleiar og ressurslærar si involvering i arbeidet, gjennom plan, organisering og oppfølgjing.
- Leggje til rette for eit godt samarbeid med Høgskulen i Volda.
- Leggje til rette for at rektorar og ressurslærarar får delta på aktuelle samlingar i satsinga
- Sikre forankring av satsinga i kommunen

**Tiltak for skulane**
Sjå planar for dei enkelte skulane.

## Meir læring for alle

Dei tre skulane Leikanger, Moltu og Nerlandsøy samarbeidde skuleåret 13/14 om satsinga «Meir læring for fleire» - der ein skulle sjå på korleis ein kunne styrke felleskapet til beste for kvar einskild elev. Ein ville prøve ut om ein gjennom betre strukturar og tilrettelegging kunne utvide den gruppa elevar som får eit tilfredsstillande undervisningstilbod i klasserommet, utan at ein måtte ty til spesialundervisning.

Frå hausten 2014 kom også Bergsøy og Einedalen med i satsinga på barneskulane. Visjonen er at flest mogleg av elevane kan få eit godt og tilfredstillande undervisningstilbod i klasserommet. Ein skal leggje godt til rette for alle i fellesskapet.

**Overordna mål:**

- Arbeid med å styrke lærarane som klasseleiarar og læringsleiarar
- Lære elevane elevrolle/ tydeleg forventningar for og til
- Varierte arbeidsmåtar
- Bygge gode relasjonar mellom alle deltakarar i skulemiljøet
- Betre system for og kvalitet på «vurdering for læring» til alle elevar
- Godt samarbeid med PPT også på systemnivå, for å flytte fokuset frå individet til læringsfellesskapet
- Gode lærande nettverk mellom både på rektor og lærarnivå, der ein får delt god praksis mellom skulane.



## ELEVANE SITT LÆRINGS- OG ARBEIDSMILJØ

Retten til eit godt lærings- og arbeidsmiljø er relatert til Opplæringslova kap.9a.
Utifrå dette har alle elevar rett på eit godt fysisk og psykososialt miljø, som fremjar helse, trivsel og læring.
Eit godt miljø er definert slik: Verknaden skal vere tilfredsstillande, det vil seie at skulemiljøet ikkje skal forårsake eller forsterke helseplager eller mistrivsel, eller øydeleggje, hindre eller forstyrre læringa.

**Om det fysiske miljøet ( §9a-2):**
*Skulane skal planleggast, byggjast, tilretteleggast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.*
*Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til ei kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.*
I Herøy gjennomførte kommuneoverlegen i 2009 ei kartlegging av skulane i kommunen etter *Forskrift om miljøretta helsevern*. Fleire skular eller deler av skular vart då ikkje godkjende. Årsakene til dette var m.a. mangel på universell utforming, mistanke om dårleg inneklima sidan der ikkje er mekanisk ventilasjonsanlegg. Eigedomsavdelinga som forvaltar kommunen si bygningsmasse, driv jamnt utbetring og tiltak for å stette krava.

**Om det psykososiale miljøet (§9a-3):**

*Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.*
*Dersom nokon som er tilsett ved sulen får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkomande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.*

Herøy kommune har både system, handlingsplanar, tiltak, malar, sjekklister og kompetanse for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø, både førebyggande og når det oppstår saker. Dette er dokument som ligg lett tilgjengeleg på Kvalitetslosen, med årleg revisjon.
Det er elles utarbeidd forskrift for orden og åtferd i Herøyskulen.
Ein har gode system og strukturar for tverrfagleg førebyggande arbeid, gjennom *Handlingsplan for førebyggande arbeid*, *Tverrfaglege team* i alle skulane, og faste møtestrukturar både på fag- og leiarnivå.
Kommunen har avtalar og kompetanse for bruk av MOT og Sterk&Klar på ungdomstrinnet. Dette er haldningsskapande program, retta mot elevar og foreldre. Målet er å skape trygge og gode oppvekstmiljø, der ein bryr seg om kvarandre, der vaksne er tydelege rollemodellar og der ein er trygge på kva verdiar som fremjar gode relasjonar og samhald.

Eit godt psykososialt miljø handlar også om gode relasjonar og meistring klasserommet. Lærarane arbeidet målmedvite for å gjere undervisninga så variert og så praktisk retta at alle elevar skal kunne tileigne seg lærdom og oppleve meistring. Gjennom dette bygg ein ikkje

berre kompeanse, men også ei god sjølvkjensle som er nødvendig for å kunne handtere motgang.

Når det vert oppdaga krenkjing av elevar, har skulen prosedyrer for å handtere sakene etter Opplæringslova og Forvaltningslova.
Ei stor utfordring for skulen er den krenkjinga og mobbinga som skjer på sosiale media på fritida, og som elevane drar med seg inn i skulemiljøet. Samarbeid mellom føresette og skulen er heilt avgjerande for å handtere og redusere ei slik utvikling.

Eit godt psykososialt miljø for alle elever er eit konstant utfordring, som har høg prioritet på leiarnivå; førebyggande for å redusere, samt bevisstheit og kompetanse for å handtere korrekt etter lov og forskrift.





## FAKTORAR SOM STØTTAR LÆRING

Relasjonen lærar/elev og læringsmiljøet i klasserommet er dei viktigaste faktorane for læring. Men her er mange støttefaktorar, som er viktige å spele på lag med og nytte ressursane til, til beste for elevane si læring.

**PPT**

Pedagogisk- psykologisk tenestekontor er ein viktig samarbeidspartnar for læring i grunnskulen. Oppdraget er heimla i Opplæringslova §5.6.
Tenesta skal hjelpe skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov.
PPT skal elles syte for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Dette gjeld i hovudsak spesialundervisning utifrå Opplæringslova §5.1.
PPT har fast trefftid ute på skulane, for rettleiing og samtale med leiing og tilsette.

**Tverrfagleg samarbeid**

I skulen møter ein elevar som av ulike grunnar ikkje er mottakelege for læring. Årsakene kan ligge både i og utanfor skulen. Det er ofte behov for tverrfagleg kompetanse både for vurdering av årsak, samt for gjennomføring av tiltak. Rask avklaring og handling er viktig, uansett årsak.
Derfor er det etablert tverrfaglege team i alle skular, med ein basis samansett av fagpersonar frå Helse, Barnevern og PPT. Andre fagpersonar kan bli kalla inn etter behov. Helsesøster har fast trefftid ute på skulane, tilgjengeleg for samtale med elevar.
Vidare arbeid for å gjere den tverrfaglege samhandlinga endå betre, er noko ein er bevisst på både gjennom felles kompetanseutvikling og gjennom samarbeid på leiarnivå.

**Elevråd**

Elevane er i seg sjølv ein viktig ressurs for å fremje læring. Han ein elevane med på lag, kan ein nå endå lenger i å skape gode læringsmiljø.
I følgje Opplæringslova er mandatet til elevrådet å fremje fellesinteressene til elevane på skulen, samt arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø.
Det er også viktig å involvere den enkelte elev i læringsarbeidet, gjennom å øve opp vurdering av eige arbeid og eigen arbeidsinnsats, samt å bli bevisst på ulike læringsstrategiar.

**Foreldresamarbeid**

Forskrift til opplæringslova kap.20:
*Skulen skal sørgje for samarbeid med heimen jfr opplæringslova §1-1 og §13-3.*
*Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling.*
Eit godt samarbeid mellom foreldre og skulen er ein svært viktig ressurs for utvikling av læringsmiljøet og for læringa til den enkelte elev.
Strukturen på samarbeidet er lovfesta, med oppretting av Foreldreutval ved kvar skule, foreldresamtalar, Samarbeidsutval m.m.
Utfordringa, og det ein vil ha utvida merksemd på framover, er samhandling og dialog for meir læring, der ein aktivt nyttar fagleg undervegs- og framovermelding for saman å hjelpe eleven i utviklinga si.

Herøy kommune har etablert Kommunalt foreldreutval (KFU) for å drøfte og handtere saker som gjeld heile Herøyskulen.

**Herøy kulturskule**

Herøy kulturskulen er ein viktig samarbeidsaktør for grunnskulen på ulike område. Avdelinga bidrar med kompetanse på prosjektbasis og deltar i satsinga Korps i skulen.
I tillegg byggjer kulturskulen den enkelte elev sin kompetanse og ikkje minst sjølvtillit, slik at eleven vert ein endå større ressurs i ulike samanhengar i grunnskulen.
Kulturskulen gjer eit fantastisk arbeid med å la elevar få oppleve meistring innanfor sine felt. Dette bidrar igjen til auka læring i skulen, både ved at kompetansen har overføringsverdi og ved at elevar får tru på eigne evner til å lære.

**Internasjonal skule**

Internasjonal skule har norskopplæring for vaksne som sitt primære arbeids- og ansvarsområde. Gjennom dette byggjer personale ein unik kompetanse på opplæring av minoritetsspråklege, som også grunnskulen får del i. Det omfattar kunnskap om materiell og metodar, men også erfaring med kva som fremjar og kva som hemmer opplæringa for ein minoritetsspråkleg. I tillegg til at skulen deler kompetansen sin, bidrar dei også med intensiv opplæring av enkeltelevar, særleg elevar som er i ungdomsskulealder når dei kjem hit til landet. Dette har stor verdi for at desse elevane i det heile kan greie å gjennomføre ein avgangseksamen når dei går ut av ungdomsskulen.





**Skuleadministrasjonen**

Den sentrale skuleadministrasjonen støttar rektorane både på enkeltsaker og på system, for å styrke kompetanse og kvalitet. Dette gir tryggare leiarar, og meir tid til pedagogisk arbeid.

## STRATEGISK KOMPETANSEUTVIKLING

Herøyskulen har lærarar med godkjend utdanning i alle stillingar, dvs allmennlærarutdanning, grunnskulelærarutdanning eller fagutdanning med pedagogikk. Opplæringslova har siste åra kome med stadig strengare kompetansekrav for undervisning, så langt relatert til basisfaga engelsk, norsk og matematikk på ungdomstrinnet. Det er varsla også kompetansekrav for undervisning på barnetrinnet.
Sidan det gradvis er ei utskifting av lærarar, krevst det langsiktig vurdering av strategiske kompetansebehov framover. Behova må stettast anten gjennom nyrekruttering eller gjennom vidareutdanning.
Det er nyleg gjennomført ei kartlegging, som utgangspunkt for Kompetanseplan for pedagogar i grunnskulen 2015-18. Planen omfattar både vidareutdanning (formell utdanning med studiepoeng) og etterutdanning (fagleg oppdatering). Planen vil vere eit styringsverktøy både ved rekruttering og ved prioritering av kompetansemidlane.

Høg kunnskap er viktig for å kjenne seg trygg i faget, og dermed også kunne variere undervisnings- og arbeidsmåtar. Det er likevel ikkje det einaste viktige for å kunne drive ei god undervisning. Formidlingsevne, relasjonar til elevane og det å vere ein tydeleg klasseleiar er også viktige element å ha med. Derfor inngår også slike emne i kompetanseutviklinga.

Den nasjonale utdanningspolitikken legg føringar og krav for større fagleg tyngde i teorifaga. Lokalt ser vi i tillegg ein stor verdi i utvikling av dei praktiske faga, det å la elevar oppleve meistring og blomstring innanfor område som musikk, idrett, forming og matlaging. Det gir læring, skaper variasjon og gir eleven tru på eigne krefter og eigen verdi. Det er også ein stor ressurs for lokalsamfunnet at elevar kan bidra med kreative uttrykksformer til glede for alle som får sjå og høyre.





## STATUS OG UTDRAG FR Å HANDLINGSPLANAR PÅ DEI ENKELTE SKULANE

### Bergsøy skule



Avd. Borga 5.-7. årstrinn



Avd. Blåhaugen 1.- 4. årstrinn

**Bergsøy skule** er ein fulldelt barneskule med ca.310 elevar.
**Borga:** 5.-7. trinn
**Blåhaugen:** 1.-4. trinn og SFO.

## Avd. Blåhaugen

### Skulen er god på:

*Klare mål på vekeplanane på alle trinn (gode målformuleringar)
*Leseopplæringa
*Stort læringstrykk
*Handtering av store elevgrupper, ved likevel å sjå den einskilde elev

### Pedagogiske satsingsområde:

*Lesing – lese i alle fag. Lese for å forstå. Spesielt vekt på å bli flinkare til å lese og forstå faktatekster.

### Utviklingsmål:

*Vurdering – halde fram med fjorårets Vurdering for læring. No med heile det pedagogiske personalet. Små steg. Tema på avdelingsmøta, med forpliktande opplegg/avtalar.
* DUB – Dei utfordrande barna – utvikle handlingskompetanse til å førebyggje, avdekke og avhjelpe psyko-sosiale vanskar hos barn. Dette gjennom teori(førelesningar+ lesing av adekvat litteratur) og kollegarettleiing. Heile det pedagogiske personalet er med. Kollegarettleiing vert nytta ca ein gong pr.mnd.

### Utfordringar:

* Plassmangel – både baserom, grupperom og garderobar
* Manglande ressursar til meir deling
*Stadig fleire elevar med behov for særskild tilrettelegging
* Behov for å styrke det sosiale arbeidet ved skulen

## Avd. Borga

### Skulen er god på:

* Elevmedverknad/aktivt elevråd
* Fokus på læringsstrategiar
* Fokus på å inkludere skulebiblioteket i pedagogisk arbeid
* Personalet jobbar godt saman og har høg grad av trivsel
* Eleven i sentrum
* Konkrete læringsmål og felles sosiale mål og reaksjonsmønster
* Sterkt fokus på trivsel for alle

### Pedagogiske satsingsområde:

* Vurdering for læring skal føre til meir læring for fleire.
* Trivsel for alle – skulen skal ha fokus på at ordet ELEV betyr Å LØFTE.

### Utviklingsmål:

* Vidareutvikle lærarane sin kompetanse på lærarrolla og klasseleiing
* Tilpassa opplæring skal sjåast i samanheng med kapittel 3 i Opplæringslova

### Utfordringar:

* Skulebygg som er lite funksjonelt for dagens behov
* Mangel på tid til å sjå alle elevane godt nok kvar dag. Store elevgrupper.
* Tilpasse oss dei mange nye elevane med anna morsmål enn norsk, samt ansvarleggjere minoritetsspråklege heimar i høve verdien av å lære norsk.
* Arbeids- og tidkrevjande å handtere mykje av det elevane opplever på sosiale mediar på fritida
* Mobbing – ei sak er ei for mykje

## Einedalen skule




Einedalen skule har ca. 190 elevar, fordelt på 1.-7.årstrinn. Det er den nyaste skulen i kommunen, tatt i bruk i 2010.

## Skulen er god på:

Einedalen skule har sidan starten hatt fokus på trivsel for alle – av dette visjonen vår 'God for meg'. Som eit ledd i dette, har skulen aktivitetsvakter som set i gong leikar i friminutta. Ein har og fellessamlingar i allrommet, der ein møtast på tvers av klassestega og får vise noko ein er god på / har jobba med.
Skulen har også ei flott sfo-avdeling, der fokuset er å sjå alle kvar dag.

## Pedagogiske satsingsområde:

Einedalen skule – god for meg.
Meir læring for alle.

## Utviklingsmål:

Alle lærarar og elevar nyttar vurdering for læring som ein naturleg del av arbeidet sitt.
Barn og vaksne skal bli trygge i rollene sine.

## Utfordringar:

Sjølv om dei aller fleste elevane trivst ved skulen, er det og nokre som ikkje finn seg til rette eller ikkje har det kjekt på skulen. Ein opplever at enkelte elevar vert utestengde, og dette er noko skulen har fokus på, jobbar med og ser behov for å styrke.
Hendingar og ord på sosiale media er noko som vert tatt med på skulen og hemmar læring. Dette er noko som vert ei stadig større utfordring.

## Leikanger skule



Skuleåret 2014-15 har Leikanger skule 79 elevar på 1-7 årstrinn. Skulen ligg midt i bygda Leikong på Gurskøya. Inne på skuleområdet ligg også Leikanger grendahus og Leikanger barnehage. Vi har eit flott uteområde med mellom anna ballbinge og kunstgrasbane.

## Skulen er god på:

Skulen jobbar for å vere ein trygg og god læringsarena, med eit godt blikk for den enkelte elev.

## Pedagogiske satsingsområde:

**Meir læring for alle:** Visjonen er at flest mogleg av elevane kan få eit godt og tilfredstillande undervisningstilbod i klassa. Skulen skal leggje godt til rette for alle i fellesskapet.

## Utviklingsmål:

- **Elevrolla:** Lære elevane å vere elev.
- **Klasseleiing**: Lære og bruke relasjonell klasseleiing.
- **Samarbeid heim skule**
    - Til beste for læringsmiljøet på skulen.
    - Rolleavklaring: kvar stoppar læraroppgåvene og kvar byrjar heimen sitt ansvar.
- **Vurdering for læring**: Undervegsvurdering og kriterium for måloppnåing

## Utfordringar:

- Auka elevtal har ført til plassmangel (tal og storleik på klasserom) på skulen.
- Utarbeide endå tydelegare og meir konkrete læringsmål på vekeplanar.
- Bli betre på systemarbeid med undervegsvurdering og kriterium for måloppnåing

## Moltu skule



Moltu skule har ca. 50 elevar, fordelt på 1.-7.årstrinn.

## Skulen er god på:

Personalet brukar Pedit med arbeidsplanar og konkrete læringsmål. Vekevurdering. God kompetanse og fagkunnskap i personalet. Høg grad av trivsel mellom alle i skulemiljøet. Målretta og godt læringsmiljø.

## Pedagogiske satsingsområde:

Meir læring for alle: Elevane skal ha eit godt og tilfredsstillande undervisningstilbod i klasserommet.

## Utviklingsmål:

* Samarbeid heim-skule til beste for læringsmiljøet på skulen. Avklaring av ansvarsområde mellom heim og skule, og utvikle gjensidig kommunikasjon mellom heim-skule.
* Elevrolla: Lære elevane å vere elev. Bruk av praktiske øvingar. -Klasseleiing. Lære å bruke relasjonell klasseleiing.

*Vurdering for læring: Undervegsvurdering og kriterium for måloppnåing.

## Utfordringar:

Bygningsmessige utfordringar.

## Nerlandsøy skule



Skulen har ca. 75 elevar, på 1.-7.årstrinn. Bygget er samansett av fleire byggesteg, det siste i 2011. Skulen ligg på Nerlandsøya ved vegen sørover mot Kopperstad.

### Skulen er god på:

Tilpassa opplæring. Har lagt arbeid i å gi elevane hjelp i si ordinære klasse.
Arbeide med elev/lærarrelasjonar.

### Pedagogiske satsingsområde:

2013-2014 - Meir læring for fleire. Klare reglar for åtferd og klare forventningar for og til elevane. Lære å bruke relasjonell klasseleiing . Arbeidet skal vidareutviklast og haldast ved like i fleire år framover.
2014-2015 – Halde fram med meir læring for fleire
- Samarbeid heim/skule til beste for læringsmiljøet på skulen
- Rolleavklaring– kvar stoppar læraroppgåvene og kvar byrjar heimen sitt ansvar

### Utviklingsmål:

Vidare arbeid med og forbetring av læringsmål på vekeplanane.
Spesialundervisninga skal sikre eleven læring i lærefellesskapet og ikkje ute av det.
Innarbeide og handheve tydelege reglar og konsekvensar.

### Utfordringar:

Lite positive aktivitetar på sosiale mediar blir dratt med inn i skulen og hemmar læringa.
Vedlikehalde og ha lojalitet til satsingsområde ein har blitt samde om.
Bli betre til å nytte Pedit i kontakten med heimane.

## Stokksund skule



Stokksund skule har ca.170 elevar fordelt på 1. - 10. trinn. Ungdomsskuledelen, med tilhøyrande idrettsbygg og symjebasseng, vart teken i bruk i 1974, og huser elevar frå krinsane Tjørvåg, Myrvåg, Moltu og Leikong. På barneskulen har vi elevar som krinsar til Tjørvåg og Myrvåg. Barneskulen sitt bygg vart teke i bruk i 1999.

## Skulen er god på:

Det er eit godt arbeidsmiljø på skulen, med gode rutinar for deling og samarbeid mellom dei tilsette. Elevmiljøet er også godt, med lite mobbing og godt læringsmiljø i klasseromma.

## Pedagogiske satsingsområde:

Skulen har dei to siste åra arbeidd med "Vurdering for læring" som satsingsområde. No er ein med i "Ungdomsskulesatsinga", og alle årstrinna 1.-10. deltek. Ein har hovudfokus på klasseleiing og lesing. Den satsinga går fram til årsskiftet 2015/16.

## Utviklingsmål:

Det skal utarbeidast ein felles plan for arbeidet i klasserommet, for å få god klasseromsleiing tufta på dei fire hovudprinsippa i "Vurdering for læring". Ein skal sjå att denne satsinga i alle klasserom, og hjå alle lærarar. På sikt trur ein dette skal betre dei faglege resultata til elevane.

## Utfordringar:

Det er ei utfordring å tilpasse dei nye planane og arbeidsmåtane til allereie godt innarbeidde rutinar. Det krev litt av kvar einskild å endre på det ein er kjend og trygg med. Det er viktig å innføre endringane på ein slik måte at det vert opplevd som ein framgang til noko betre i høve til det ein har.

## Ytre Herøy ungdomsskule



Skulen ligg på Bergsøya, ved kulturhus, idrettsbane og aktivitetspark. Skulen har ca.280 elevar fordelt på 8.-10.årstrinn.

### Skulen er god på:
Kompetanse, relasjon og strukturar.

### Pedagogiske satsingsområde:
Relasjon lærar elev, meir læring for fleire og pilotering.
Skulen skal vere i konstant utvikling mot betre fagleg og pedagogisk kompetanse. Ein skal vere ein pilot i regionen når det kjem til utvikling og samarbeid med næringsliv og institusjonar. Ein har starta med:

-IKT. Skulen tek initiativ overfor andre skular og arrangerer kurs (Oppad, app., PedIt, Geogebra, Textpilot).

-Fag. Skulen arrangerer kurs i regionen og er initiativtakar for utvikling (matematikk, norsk og framandspråk). Samarbeid med miljøsenteret om naturfag.

-Ungdomstrinn i Utvikling. Skulen skal skape endring og forbetring gjennom skulebasert utviklingsarbeid.

### Utviklingsmål:
- Å få meir kunnskap om og utvikle oss som klasseleiarar.
- Å bli betre på rekning generelt, og på tvers av faga

### Utfordringar:
- Tidsklemme, utfordrande å prioritere utvikling i ei stadig meir krevjande drift.
- Ressursar; økonomi, lokale, utstyr, IKT
-

## UTFORDRINGAR FOR HERØYSKULEN

Analysearbeidet har avdekka at ein gjer mykje bra og rett arbeid for at alle elevar skal kunne tileigne seg meir kunnskap og lære meir. Ein lykkast i tillegg med å skape trivsel og gode relasjonar - for dei aller fleste elevane våre.
Som dokumentet viser, har ein også avdekka utfordringar og truslar som det må arbeidast med på ulike nivå framover.

Dei utfordringar og truslar som ligg innanfor skuleavdelinga sitt handlingsrom, tar vi tak i sjølve gjennom dei strategiske satsingsområde våre. Dette arbeidet er allereie godt i gang og på stø kurs.

I tillegg til desse, må det arbeidast med:

1. Styrke støttefunksjonane rundt det pedagogiske arbeidet (jfr. side 9). I dette ligg også å ha tilgjengeleg datautstyr som verktøy for læring, for alle elevar generelt og for elevar med ulike typar vanskar spesielt. Kunnskapsløftet seier at alle elevar skal ha digitale ferdigheiter til bruk i dei ulike faga. Vi er ikkje der i dag.

2. Stadig fleire elevar slit med utfordringar relatert til psykisk helse, eller vanskar relatert til heim og fritid. I mange tilfelle blokkerer dette for læring. Vi har tverrfaglege team, vi har PPT og vi har helsesøster - men desse er ikkje til stades og kan følgje opp og arbeide i det daglege. Ein ser no at det kan vere behov for annan kompetanse i skulemiljøet, kompetanse inn mot sosialpedagogikk eller miljøarbeid. Dette må det arbeidast med framover.



Dokumentet «Strategi for skuleutvikling» gjeld for perioden 2015 – 2018, men skal årleg evaluerast.
Neste revisjon vert februar 2016.

RS 3/16 Komiteens rolle i byggeprosjekt generelt - orientering v/eigedomsavdelinga

RS 4/16 Status og vidare framdrift for prosjekt 61521 - Leikanger skule og grendahus - tilbygg og rehabilitering - eigedomsavdelinga

HERØY KOMMUNE

# NOTAT

Til: Barnehageavdelinga

Frå: Barnehageavdelinga

| Saksnr | Arkivkode | Dato |
|---|---|---|
| 2014/1937 | A10 | 11.01.2016 |

## HØYRINGSUTTALE:

Denne høyringsuttalen vert sendt elektronisk. P.g.a kort frist vart det ikkje tid å behandle uttalen politisk. Uttalen blir difor lagt fram som referatsak i komite for oppvekst. Høyringssvaret er drøfta med PPT og skuleavdelinga.

## ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA - BARN MED SÆRLEGE BEHOV - HØYRINGSUTTALE FRÅ HERØY KOMMUNE

Herøy kommune vil støtte departementet i å overføre retten til spesialpedagogisk hjelp frå opplæringslova til barnehagelova. Tal viser at dei fleste born som tek i mot slik hjelp, går i barnehage og det er naturlig at eit tilbod som i hovudsak blir gitt i barnehagen også vert regulert i barnehagelova. Ved å regulere det i barnehagelova trur vi at det både vil synleggjere og styrke kunnskap og medvit om denne retten i sektoren. Vi er kjent med at sakshandsaminga rundt dette er ulikt frå kommune til kommune, og meiner det er uheldig.
Vi trur at det er ei styrke for sektoren at regulering av alt pedagogisk tilbod for barn under opplæringspliktig alder vert samla i same lov, også inkludert rett til teiknspråk og skyss. Samle og målrette alle tiltak, både individuelle og kollektive, uavhengig av lovverk og kvar ressursane kjem frå.

Vi støttar også departementet i å vidareføre dagens ordlyd i opplæringslova til barnehagelova. Dette for å sikre at barn med spesielle behov er og kan vere ulike, på lik line med andre barn. Dersom ordlyden skal avgrensast, kan det føre til at enkelte barn misser retten eller ikkje får denne retten. Her må det gjerast individuelle vurderingar i kvart tilfelle.

Forslaget om å ta barnets omgivnader med i den sakkunninge vurderinga meiner vi er positivt, men også utfordrande. Positivt fordi det også stiller krav til omgivnadene som til dømes heim og barnehage, om å hjelpe og støtte barnet i si utvikling. Utfordrande fordi dette kan vere med å påverke den sakkunnige vurderinga negativt

for barnet. Barnets beste må alltid stå i sentrum. Fokus på førebygging og tidleg innsats for alle barn i barnehagen må både eigar av barnehagane og kommunen som barnehagemynde ta ansvar for.
Mandatet til PPT bør vere tydeleg på at det først skal arbeidast systemretta før eventuell tilråding av spes.ped. hjelp.
Sikre at PP-tenesta vert tildelt ressursar som gjer at tenesta vert dimensjonert til å drive systemarbeid i barnehagane.
I samordna opptak er dette også noko ein må sjå på, og prøve å gi barn med spesielle behov tilbod i ein barnehage der ein er kjent med at både fysisk utforming og personalet sin kompetanse vil gi eit best mogleg tilbod totalt.

Herøy kommune er også samd med departementet i å ta bort fritaket i foreldrebetalinga for den delen av tilbodet som er spesialpedagogisk hjelp. Det vart i 2015 innført moderasjonsordningar som er meint å hjelpe familiar som har dårlig økonomi. Med denne ordninga kan alle som ynskjer det ha råd til eit barnehagetilbod, og dei barna som har behov for ekstra tilrettelegging eller spesialpedagogisk hjelp vil få tilbod om det i ein barnehage. Det vert ikkje kravd noko ekstra for ekstra tilrettelegging for nokon barn i barnehagen, og då meiner vi grunnlaget for at spesialpedagogisk hjelp skal vere gratis  fell bort.

Med helsing

Laila Kvalsund Solhaug

ei båtlengd føre
Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG   Tlf: 700 81 300   Fax: 700 81 301   Bank: 8647.11.04800   Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no   www.heroy.kommune.no